



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	Folgefonna nasjonalparkstyre
Møtestad:	Folgefonnsenteret
Dato:	01.12.2025
Tidspunkt:	09:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 40/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 41/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 42/25	Framlegg - søknad om organiserte turar med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark - Monica Hundseid		2025/13305
ST 43/25	Framlegg - Søknad om å fly med drone - Melderskin-Laurdalstind og Bjørndalstraversen inn til Juklavasskruna		2025/17505
ST 44/25	Møteplan - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
ST 45/25	Søknad om midlar til tiltak - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
ST 46/25	Søknad om midler til drift og planarbeid - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
ST 47/25	Referatsaker		
RS 18/25	Føringar for forvaltningsmyndighetene for verneområder - tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
RS 19/25	Folgefonna nasjonalparkstyre - delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer		2025/4147
RS 20/25	Innspel til Forvaltningsplan Folgefonna Nasjonalpark		2023/15549
RS 21/25	Moglegheitsstudie innfallsport Bondhusdalen 2025 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025		2024/16502
RS 22/25	Oppsummering av møte i fagleg rådgjevande utval 3. november - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025		2024/16502
RS 23/25	Forespurnad om å godkjenne rettingstiltak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierdal		2022/11690
RS 24/25	Forespurnad om å godkjenne rettingstiltak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierdal		2022/11690
RS 25/25	Avtale om stirestaurering i Bondhusdalen landskapsvernområde 2025 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025		2024/16502
RS 26/25	Avtale om skjøtsel i Hjortedalen - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025		2024/16502
RS 27/25	Avtale om utarbeiding av faggrunlag i Hjortedalen - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025		2024/16502
ST 48/25	Delegerte saker		

DS 30/25	Løyve til helikopterflyging for uttransport av felt storvilt - Tokheim - Buer LVO og Folgefonna NP - Ullensvang	2025/13414
DS 31/25	Delegert vedtak - Folgefonna NP - Ullensvang - droneflyging - kartleggingsarbeid av kvartærgeologi - UiB	2025/13791
DS 32/25	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Tokheimsnuten - Odda/Ullensvang turlag - Folgefonna	2025/13954
DS 33/25	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Isvatnet - Odda/Ullensvang turlag - Folgefonna	2025/13955
DS 34/25	Utvida løyve - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Vierdal - materiale til stølsbu - Einar Riise	2025/7660
DS 35/25	Løyve - motorferdsel med helikopter for å hente sau i skårfeste ved Møsevatnet i Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre	2025/14905
DS 36/25	Søknad - Motorferdsel med helikopter for å hente sau i skårfeste ved Møsevatnet i Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre	2025/14905
DS 37/25	Delegert vedtak - løyve til motorferdsel med ATV i samband med hjortejakt i Ænesdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2025/14722



Arkivsaksnr: 2025/13305-2

Sakshandsamar: Henriette Bye

Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	42/25	01.12.2025

Framlegg - søknad om organiserte turar med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark - Monica Hundseid

Innstilling frå forvaltar

Monica Hundseid får særskilt løyve til å køyre hundeslede inn i Folgefonna nasjonalpark i samband med organisert turverksemd. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5.2.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for perioden 1. mai til 15. juli 2026
- Løyvet gjeld for inntil to turar dagleg (tur/retur) med start ved Fonna Sommarskisenter, og med inntil fem hundesledar per tur
- All tilrettelegging og opphald for hundar skal skje utanfor nasjonalparken, på område peikt ut av Ullensvang kommune i samarbeid med andre aktørar
- Støy frå basecamp bør ikkje påverke turoppleving inn i verneområdet
- Hundebæsj og anna eventuelt avfall skal plukkast opp og ikkje etterlatast inne i nasjonalparken
- Det må viast omsyn til dyreliv og anna friluftaktivitet i området
- Tiltakshavar må søkje og få løyve til aktiviteten frå Ullensvang kommune for at dette løyvet skal vere gyldig.


Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje sett til side regler i anna lovverk. Høyr med Ullensvang kommune om dette. Tiltakshavar må i tillegg avklare med aktuelle reiselivsbedrifter og grunneigarar.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

Saksopplysningar

Bakgrunn

Monica Hundseid har søkt om løyve til å køyre hundeslede inne i nasjonalparken i samband med eit planlagt reiselivsinitiativ. Ho ønskjer å ta med turistar på hundekøyring i tidsrommet mai, juni og eventuelt halve juli i 2026, om føret tillèt det. Planen er å ta med turistar på inntil to turar dagleg (morgon og kveld) med inntil 5 hundesledar per tur. Tal på turar vil avhenge stort av ver og føre og interessa blant turistar. Ho har vore i kontakt med Ullensvang kommune som har peikt ut ein stad til dei ca. 40 hundane på ein fjellknaus, litt til sides for skisenteret. Hundebæsj vil plukkast opp langs løypa og ved camp.



Figur 1. Trasé for hundekøyring og plassering av basecamp nær sommarskisenteret.

Verneforskrift og verneføremål

Saka gjeld organisert ferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark samt forvaltningsplanen. Nasjonalparken har som verneføremål å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde. Samstundes skal ålmenta ha anledning til naturoppleving gjennom utøving av naturvennleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Ein aktivitet vert rekna som organisert når han krev ei viss planlegging, koordinering og



leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking (jf. Forvaltningsplanen).

Vernereglane § 3, punkt 5.1 og 5.2 for Folgefonna nasjonalpark seier følgjande om organisert ferdsel:

5.1: All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.

5.2: Organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt tillatelse av forvaltningsmyndigheten

I forvaltningsplanen vert ein aktivitet rekna som organisert når han krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking (definisjon frå forvaltningsplanen). Etter denne definisjonen gjeld saka organisert ferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Søklar har tidlegare fått løyve til aktiviteten i 2024 og 2025. I 2024 vart søknaden sendt ut på ein forenkla høyringsrunde der Folgefonni Breførarlag kom med uttale i saka. Dei peikte på at støy frå hundehaldet so nære nasjonalparken var sjenerande for turopplevinga til deira gjester. Organisert ferdsel som ikkje er til skade på naturen kan betraktast som positivt da det gjer høve til naturoppleving i nasjonalparken og er ein næringsressurs for lokalsamfunna (jf. Forvaltningsplanen). Likevel kan kommersiell nytting av verneområde føre til auka press på både verneområda og randsona rundt. Allemannsretten gjev rett til å ferdast og å opphalde seg i utmarka - når ferdselen "skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet".

Forskrift for Folgefonna nasjonalpark opnar opp for at ein kan søke om særskilt løyve til organisert ferdsel eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Hundesledekøyning er ikkje forbode i utmark og på fjellet etter friluftsløva. Hundesledekøyning fører med seg ei plikt til å ferdast med varsemd, i likhet med annan ferdsel etter allemannsretten og friluftsløva. Etter hundeløva følgjer også generelle aktsemdskrav for hald av hund. Naturmangfaldlova § 6 har også eit aktsemdskrav so gjeld for alle høve der det ikkje er gitt løyve. I søknad om organisert ferdsel med hund i Folgefonna nasjonalpark er det berre tilhøve inne i verneområde som blir vurderte og teke omsyn til. Alle ledd i aktiviteten som føregår utanfor vernegrensa må handterast etter relevant regelverk.

Ved vurdering av søknaden har forvaltar lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved hundekøyning i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det observert hare, fjellrype og ramn og noko rovfugl som brukar området. Inne i nasjonalparken er løypa berre på bre, som har mindre verdi som habitat for desse artane. Stor aktivitet med hund kan nok uroe dyra, men det er usikkert for forvaltar i kor stor grad ein kan skilje dette frå uroing ved anna type ferdsel eller uroing frå sjølve campen som er utanfor, men tett opp til vernegrensa.



Det er snakk om å køyre to turar dagleg i inntil 75 dagar (mai, juni og halve juli), med inntil fem hundesledar per tur. Det er den same ruta som skal følgjast på alle turane. Ruta er om lag 7 km lang og går i all hovudsak inne i nasjonalparken oppe på breen. Søkjar vil ha base for hundane ved Fonna Sommarskisenter som ligg utanfor nasjonalparken. Det er usikkert korleis smeltinga ved skisenteret til påverke anna aktivitet i området framover.

Eitt av føremåla med vern er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde og gjere dette tilgjengeleg for alle gjennom enkelt friluftsliv utan teknisk tilrettelegging. Nordfonna er eit stort urørt område der mesteparten er verna frå store folkemengder fordi terrenget er utilgjengeleg. Ettersom etterspurnaden etter breopplevingar blir større aukar så presset på dei delane av breen som er lett tilgjengeleg. Innfallsporten frå sommarskisenteret er heilt i særstilling då ein kan køyre heilt til brekanten og kjem inn i nasjonalparken med ein kort spasertur. Terrenget her legg likevel ein del grensar for korleis området kan nyttast og all ferdsel kanalisert til dei same områda, som gjev stort press på nokre avgrensa område. Det er ein mykje brukt innfallsport både for kommersielle aktørar og for turlag og private. Etter naturmangfaldlova § 10 skal samla belastning på naturmiljøet vurderast.

I den avgrensa høyringa i samband med søknaden kjem breførarlaget med innspel at dei opplever negativ verknad av auka bruk av området. Særleg er det støy frå hundecampen som rekk langt inn i verneområda og som påverkar deira aktivitet negativt. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Dette vil særleg gjelde i ein nasjonalpark. Forvaltar ser ulempa med at støy frå hundecampen påverkar turopplevinga inne i nasjonalparken. Når det gjeld aktivitet som skjer utanfor vernegrensa kan ikkje nasjonalparkstyret styre denne, men vil vise til den generelle aktsemdsplikta som følgjer av naturmangfaldlova § 6. Om Ullensvang kommune skal handsame plassering av hundecamp etter sine regelverk kjem også naturmangfaldlova § 49 inn i spel. Her visast det til at om verksemd som ligg utanfor verneområdet kan påverke verneverdiane negativt skal ein vise omsyn til dette i sakshandsaminga.

Det er uklart for forvaltar om samla belastning her er så stor at å gje løyve til turar med hundekøyring vil overskride bæreevna for verneverdiane og opplevingskvalitetane i området. Både breførarlaget og søkjar tilbyr kommersielle tilbod for å vise fram brelandskapet i nasjonalparken i tråd med enkelt friluftsliv. I all forvaltning av verneområde skal vi bruke førevar-prinsippet for å sikre oss mot å overskride denne bæreevna. Det verkar som det høge presset særleg skapar problem på innfallsporten og at konfliktane mellom tilbydarane må løysast her. Det er også støy frå hundane når dei er på campen som påverkar verneverdiane negativt, då hundane stort sett er stille når dei er på tur. Aktiviteten verkar ikkje å føre til konflikt inne i verneområdet og er stort sett sporlaus.

Grunna nedlegginga av skisenteret vil talet besøkande til området truleg reduserast den kommande sesongen. Konfliktar utanfor vernegrensa bør kunne løysast ved betre organisering aktørane imellom. Forvaltar konkluderer med at det er rom for å gje løyve til hundekøyring i nasjonalparken med visse vilkår. Det bør òg vurderast å gje løyve med varigheit på fire år.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved hundekøyring i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje



registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den organiserte ferdsla. Søkar vil ha base for hundane ved Fonna Sommarskisenter som ligg utanfor nasjonalparken. Hundebæsj etterlata på snøen er baa til sjenanse og forureining. Eit vilkår i løyve er difor at avføring ikkje ligg at i løypa, men er plukka opp så langt det lar seg gjere.

Etter Naturmangfaldlova § 10 skal samla belastning på naturmiljøet vurderast. Det er ikkje gjeve løyve til merking/utgraving av løype. Sidan køyring av hundeslede skjer på snøen/breen vil det ikkje gje slitasje på terrenget, og vil ikkje føre til varig påverknad. Plasseringa tilseier òg at hundane ikkje vil være ei forstyrring for hekkande fugl. Forvaltaren vurderer difor den samla belastninga i området som avgrensa.

Naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) og §11 (kostnadene ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar) er vurdert, men ikkje funne relevant i denne saka. Naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege driftsteknikkar er også lite relevant da det er hundekøyring i seg sjølv det søkast om.

Forskrift for Folgefonna gjeld berre innanfor nasjonalparkområdet. I tilfelle med aktivitet utanfor verneområdet som ikkje treng løyve frå anna lovverk, gjeld nml § 6 om den generelle aktsemdsplikta. Det er ikkje grunn til å tru at aktivitet med hundekøyring vil verke negativt på forvaltingsmåla satt i nml §§ 4 og 5.

Arkivsaksnr: 2025/17505-2
Sakshandsamar: Henriette Bye
Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	43/25	01.12.2025

Framlegg - Søknad om å fly med drone

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar innsillar på avslag med bakgrunn i føringar vedteke av styret og mogleg presedensverknad.


Saksopplysningar

Bakgrunn

Jens Ripel søker om løyse til å fly med drone innanfor grensa for Folgefonna nasjonalpark. Han har filma mykje med drone i og rundt Kvinnherad over dei seinare åra. Videoane legg han ut på YouTube, og dei vert mellom anna vist på aldersheimen. Han ynskjer å filme fjella frå Melderskin mot Laurdalstind og Bjørndalstraversen til Juklavasskruna (figur 1). Han anslår at filminga vil ta mellom fem og ti minutt, og fykinga skal berre utførast éin gong.

Søkar ynskjer å utføre fykinga på den næraste fine dagen før snøen kjem. Han peiker på at fykinga truleg ikkje vil vere i konflikt med friluftslivet so seint på året.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Figur 1. Omtrentleg trasé for flykinga illustrert med blå linje.

Verneforskrift og verneføremål

Saka gjeld flyking med drone i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, nml § 48 og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal òg vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Bruk av drone er i utgangspunktet forbode i Folgefonna nasjonalpark. Det går fram av verneforskrifta for Folgefonna § 3, punkt 7.2 om støy:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell òg bruk av drone. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.



Vurdering

Sjølvs om vi no har slått fast at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve gjennom nml § 48, so skal det framleis gjerast ei fagleg og skjønsmessig vurdering kor vidt det er tilrådeleg å gje løyve. Mellom anna må ein sjå til dei retningslinjer og forvaltningspraksis som forvaltninga har lagt til grunn tidlegare. Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i 2018 retningslinjer for handsaming av dronesøknader. Der er det ei matrise som legg føringar for vurdering av ulike typar søknader (tabell 1).

Tabell 1. Del av matrise henta frå retningslinjer for handsaming av dronesøknader.

Type søknad	Løyve?	Vilkår ved ja / grunngeving på avslag
Private turar, film for sosiale media – Facebook, YouTube	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning.

Denne saka vert kategorisert som «*Private turar, film for sosiale media*» og retningslinjene frå styret seier at dette er ein type søknad som ikkje skal får løyve.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. Det er ikkje utført kartlegging av naturtypar i området det søkjast om å fyke. Det er likevel lite truleg at denne typen aktivitet vil kunne ha negativ verknad på naturmiljøet. Grunna tidspunktet det søkjast om vil fykinga ikkje ha negativ verknad på hekkande fugl i området. Dronefyking kan likevel virke forstyrrande for større fugl som nyttar området.

Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til spesifikke føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Sjølvs om éin tur med drone i seg sjølv truleg ikkje vil verke negativt på friluftslivet, kan utsending av løyve for denne typen føremål gje presedensverknadar for handsaminga av liknande sakar ved seinare høve. Truleg vil trenden med bruk av drone fortsette å auke dei kommande åra i takt med auke i besøkande. Det er difor viktig å halde fast ved retningslinjer som avgrensar påverknaden på naturverdiane og sikrar uforstyrtra naturoppleving. Endra praksis vil føre til ei auke i den samla belastninga, jf. nml § 10.



Arkivsaksnr: 2025/17855-4

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	44/25	01.12.2025

Møteplan - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek ein møteplan med synfaringar for 2026.

Forslag til møteplan

Dato	Tema	Synfaring	Andre inviterte
mars	Prioritering av tiltaksmidler og årsplan		SNO
juni	Styremøte og synfaring		
september	Styremøte og møte med fagleg rådgivande utval	Relevant lokalitet for å diskutere høyring av forvaltningsplanen	Fagleg rådgjevande utval
november/desember	Styremøte og bestillingsmøte		SNO

Andre tema:

- Synfaring relevante saker?
- Studietur?

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

Arkivsaksnr: 2025/17855-2

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	45/25	01.12.2025

Søknad om midlar til tiltak - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret prioriterer tiltak og vedtek tiltaksplan for 2026.

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret kan søkje om midlar til naudsynte tiltak i verneområda, og ressursar frå Statens naturoppsyn (SNO). Styret kan også søkje om ekstra ressursar til utarbeiding av planar og kartlegging.

Miljødirektoratet nyttar eit elektronisk søknadssenter til innmelding av behov. Fristen for å melde inn er 9. januar 2026 og forvaltar melder inn på bakgrunn av budsjett og planar vedteke av nasjonalparkstyret. Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområde er revidert og skal gjelde i fem år (2025-2030).

Tiltaksmidlar for 2026

Det overordna målet for tiltaksmidlane er at dei skal nyttast slik at naturtilstanden i verneområda vert halde i hevd eller betra.

«For at det skal komme frem tydeligere hvilke vurderinger som er gjort forut for søknader om midler til tiltak, skal forvaltningsmyndighetene synliggjøre vurderingene av miljørettsprinsippene ved innmelding av behov for midler til tiltak som kan berøre naturmangfold. Når en beslutning har utelukkende positiv effekt for naturmangfold, er det ikke nødvendig å bruke prinsippene. Vi ber om at det gis en kort oppsummering av vurderingen i merknadsfeltet ved utfylling av skjema i elektronisk søknadssenter og at eventuell utfyllende beskrivelse av vurderingene legges ved som vedlegg til tiltaket.»

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturresevat	Langebudalen



«Målet med forvaltningen av verneområder er å redusere trusler mot verneverdiene slik at verneformålet ivaretas. Tiltaksmidlene fordeles på bakgrunn av dagens trusselbilde og har som formål å ivareta, eller forbedre tilstanden i verneområdene. Midlene prioriteres derfor høyt til tiltak som virker avbøtende på negative påvirkningsfaktorer der verneverdiene er truet.»

«(...)Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.»

Ved fordeling av midlar til skjøtsel og besøksforvaltning skal tiltaka som gir størst positiv effekt på tilstanden og som direkte bidreg til å motverke negativ påverknad bli prioritert. Miljødirektoratet har sett opp denne lista for prioritering av tiltaksmidlar (sjå vedlegg):

«Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke trusler mot verneverdiene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Besøksforvaltningstiltak i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Besøksforvaltningstiltak i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)»

Prioritering av tiltak

Forvaltar har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på dagens behov for tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Tiltaka bør bygge på forvaltningsplan eller besøksstrategi. Forvaltningsplanen frå 2011 viser til oppfølgjande tiltak som forvaltningsstyresmakta skal følgje opp i planperioden. Revidering av forvaltningsplanen er i prosess, men det er ein del kartleggingstiltak og skjøtselstiltak som ikkje er gjennomførte enno.

I tillegg til å søke om tiltaksmidlar til tiltak so kan verneområdestyret og bestille oppdrag frå Statens naturoppsyn, dette gjerast via nettløysinga Naturoppdrag og forvaltar går gjennom status der på møtet.

Ordninga med å søkje om ferdselsteljarar gjennom SNO er på veg til å fasast ut. Styret må vurdere om vi skal skaffe eigne teljarar til å fylle behova våre. Forvaltar har eit forslag på å kjøpe inn tre teljarar til å dekke dei behova vi har for overvaking av ferdsel per no.

Skildring	Stipulert kostnad
Tiltak frå planar som ikkje er fullført enno	



FORVALTNINGSPLAN	
Betre kunnskapen om kulturminne i verneområda	?
Å skape interesse hos eigarane for å ta vare på kulturminne på sin eigedom.	?
Å ta vare på eit representativt utval av registrerte, høgt prioriterte kulturminne i fjellområda, som representerar lokal byggjeskikk.	?
Å sikre at om ein skal setje i stand, byggje om, utvide, halde vedlike og skjøtte gamle sel og andre stølshus så vert det gjort med utgangspunkt i opphavleg form og på opphavleg stad.	?
Teigar med planta gran og lerk som står slik til at dei ikkje er økonomisk interessante som hogst, bør hoggast som skjøtselstiltak i den grad forvaltningsstyresmakta finn dette tilrådeleg innan gjeldande budsjettammer. På slike areal skal det etter ev. hogst vera naturleg forynging.	Betydelig kostnad. Sjå berekningar i rapport «Kartlegging av gran i Folgefonna nasjonalpark» frå 2020
Arbeide for å kanalisere tilskotsmidlar til landbruksdrift som fremjar vern av kulturlandskapet.	Krev skjøtselsplanar
BESØKSSTRATEGI	
Kartlegge kulturminne og lage ein plan for formidling av utvalde kulturminne i verneområdet	
Ha årlege møte og samlingar/vertskapskurs for reiselivet tilknytta Folgefonna med tema som • Samhandling • Felles utfordringar • Moglege konfliktpunkt • Besøkande si kundereise og oppleving av reisa	Har mangla tid til dette
Toalett på innfallsport på Ænes - samarbeid med grunneigarar, kommunen og friluftsrådet.	
Informasjonsskilt om turar frå Ænes - samarbeid med kommunen, lokalt turlag og friluftsrådet.	
Utvide innfallsport på Kletta i samarbeid med kommune, grunneigarar, lokalt turlag og friluftsråd. Toalett ved Myrdalsvatnet, Rosendal	Usikker på om det er vår oppgåve no
Som ein del av arbeidet med informasjonsplan for Folgefonna må det lagast ein plan for oppdatering av eksisterande informasjonstilbod på alle desentraliserte informasjonspunkt knytt til Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna. Det vil seie: Agatunet, Odda turistinformasjon, Juklafjord og Langfoss.	Her har situasjonen endra seg så mykje at eg er usikker på status. Sjå også kommunikasjonsplan
KOMMUNIKASJONSPLAN	
Opprette ressursgruppe under merkevaren Med representantar frå innfallsportane med alle tre kommunar representert	Nasjonalparkstyret og besøkssenteret sammen



SKJØTSELSPLAN	
Skjøtselsplan for almeskog i Bondhusdalen (2021) - Gjerde inn unge almetre - Ulike ryddetiltak rundt enkelte tre - «Vårt råd er å vente med styving ca 5-10 år (til 2026). Da er ein meir sikker på om trea har takla nedskjeringa av grove toppskot. Om tilstanden er god, kan regelmessig styving skje med om lag 5-10 års mellomrom.»	50-100 000
Konkrete planlagte tiltak	
Moglegheitsstudie og forprosjektering av innfallsport Rosendal	250 000
Forprosjektering innfallsport Bondhusdalen	100 000
Prosjektere granhogst Furebergsdalen	50 000
Ferdselsteljarar innkjøp og drift	60 000



Arkivsaksnr: 2026/17855-3

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	46/25	01.12.2025

Søknad om midler til drift og planarbeid - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtek driftsbudsjett for 2026.

Driftsmidlar for 2026

Bakgrunn

Verneområdestyret må sende inn melding om behov om midlar til drift av styret til Miljødirektoratet. Styret bør difor sette opp eit budsjett over forventna kostnadar som kan vere grunnlag for søknaden. For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment nedanfor som styre bør ta stilling til.

I vegleiar for innmelding av behov for midlar skriv direktoratet vidare:

«Oppdatering av nettsider bør tas med i vurderingen av behov for midler. Dersom rammene tillater det vil det også kunne gis midler til nødvendige kartlegginger som grunnlag for forvaltningsplaner og besøksstrategier samt utarbeidelse av skjøtselsplaner.»

Styremøte

Ifølgje vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året. Difor legg vi fire styremøte til grunn for budsjettet, men dette kan variere avhengig av saksmengd og anna arbeid i styret. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, reisekostnadar og kostnadar til lokale og servering på møta. Budsjettet er vist i tabell under.

Rådgjevande utval

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekkast reisekostnad. I tillegg har vi kostnader med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjersle.

Normalt sett har vi eitt møte i utvalet kvart år. I samband med revidering av forvaltningsplan eller anna planarbeid kan det vere aktuelt med fleire møte i utvalet. Budsjettet er vist i tabell under.

Oppdatering av nettside

Det er besøkssenteret som driftar den besøksretta nettsida for verneområda våre, www.folgefonna.info, medan forvaltar driftar sida for styret, www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna. Det er særleg behov for å oppdatere den besøksretta sida og forvaltar føreslår å søkje om 100 000,- til dette arbeidet for 2026.

Grunnstøtte

I tildelingsbrevet for 2023 fekk Miljødirektoratet i oppdrag å lage eit forslag til fordeling av grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyrer for vedlikehald, fornying av infrastrukturtiltak, informasjonsarbeid mv, inkludert forslag til fordelingsnøkkel innanfor ei ramme av 4 mill. kr over post 1420.21. Frå denne ramma fekk Folgefonna nasjonalparkstyre i 2024 100 000 kroner, noko som er 2,5 % av den totale støtta. Fordelingsnøkkelen er basert på verneområda sitt areal, tal innfallsportar og besøkstrykk. Forvaltar trur tildelinga vil bli som i 2024, men det er ikkje nemnt i brev om rammer og opplegg frå Miljødirektoratet og eg avventer endeleg svar frå Miljødirektoratet.

Personalressurs knytt til planarbeid

Det vart dette året oppretta ein ekstra personalressurs knytt til arbeidet med revidering av Forvaltningsplanen. Vi ønskjer å søkje om midlar til denne prosjektstillinga for å gjennomføre høyringsprosessen. Vi reknar **500 000,-** (inkl. løn, pensjon, reise, administrative kostnader) til stillinga.

Framlegg til budsjett 2026:

Driftsutgifter for utvala	
Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre	74 050
Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	28 240
Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	25 000
Sum Folgefonna nasjonalparkstyre	127 290
Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000
Møtekostnader rådgjevande utval	5 000



Sum Rådgjevande utval	11 000
Møtekostnader revidering av forvaltningsplan	30 000
Sum driftsutgifter	168 290
Andre utgifter	
Grunnstøtte til infrastrukturtiltak*	100 000
Oppdatering av nettstaden www.folgefonna.info	100 000
Revidering av forvaltningsplan – lønsmidler m.m.	500 000
SUM behovsinnmelding	768 290

Alle Statsforvaltere
Alle nasjonalpark – og verneområdestyrer

Trondheim, 27.10.2025

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2025/15345

Saksbehandler:
Vibeke Husby

Føringer for forvaltningsmyndighetene for verneområder - tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026

Elektronisk søknadssenter (ESS) skal som vanlig benyttes for å melde inn behov for midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering. Søknadssenteret åpner for innmelding over kap. 1420 post 31 den 15. november, og frist for innmelding er 9. januar 2026. Innmelding av behov for SNO-ressurs skal bygge på planleggingsmøter mellom forvaltningsmyndighet for verneområdene og SNO lokalt.

1. Post 1420.31 – Tiltak i verneområder, tiltak for villrein og naturrestaurering

Nytt – Tiltak for villrein er innlemmet i budsjettposten

I forslag til statsbudsjett for budsjettåret 2026, som ble lagt fram den 15. oktober, er tiltak for villrein inkludert i kap. 1420 post 31. Miljødirektoratet arbeider med tilrettelegging av dette og vil komme tilbake med informasjon om denne delen av budsjettposten når slik informasjon er klar.

Nytt – revidert strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder

Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder er nå revidert og skal gjelde i fem år (2026-2030). Strategien gir føringer for bruken av tiltaksmidlene og for prioriteringer mellom ulike tiltak. Vi har ikke gjort store endringer i strategien, men vi oppfordrer til å lese den før dere melder inn behov for tiltaksmidler, se vedlegg 1.

Miljødirektoratet gjennomførte i høst en evaluering av prøveordningene med 1) rammetildeling med bakgrunn i innmeldte behov for midler til tiltak i ESS og 2) tidlig tildeling av tiltaksmidler i tildelingsbrevet til Statsforvalteren før jul.

Statsforvalterne gir i evalueringen bred støtte til ordningen med tildeling av en samlet pott for tiltaksmidler. Dette oppleves som en betydelig forbedring som gir økt fleksibilitet, mindre byråkrati og bedre økonomistyring. Flere peker på at det gir bedre balanse mellom tiltak og styrker

gjennomføringsevnen. To av embetene opplever liten endring, men anerkjenner at ordningen gir forbedringer og potensial for ressursbesparelse.

Når det gjelder tidlig tildeling av tiltaksmidlene, er vurderingene fra embetene delte. Flere Statsforvaltere ser klare fordeler, særlig for tiltak som krever oppstart vinter/tidlig vår, og fremhever økt forutsigbarhet og planleggingsmuligheter. Samtidig opplever noen at endringen har liten praktisk betydning og at eksisterende rutiner fungerer godt. To av embetene opplevde dette som dobbeltarbeid.

På bakgrunn av evalueringen, vil vi videreføre ordningen med at Statsforvalteren får en rammetildeling med mulighet til å disponere midlene mellom innmeldte tiltak som er innenfor postformålet til kap. 1420 post 31 i statsbudsjettet og er i tråd med strategien for bruk av midler til tiltak i verneområder. Det vil dermed bli lik prosedyre for Statsforvalteren som for nasjonalpark- og verneområdestyrene. Vi vil på bakgrunn av evalueringen *ikke* videreføre prøveordningen med tidlig tildeling av tiltaksmidler før jul. Det vil imidlertid fortsatt være mulig å melde inn behov for forhåndsgodkjenning av tiltak som krever tidlig avklaring.

Vi jobber for at både innmelding av behov for midler til tiltak og rapportering i fremtiden skal skje i Naturoppdrag, noe som vil forenkle denne prosessen.

Kommuner med delegert forvaltningsmyndighet for verneområder

Statsforvalteren har ansvar for å kontakte kommuner med delegert forvaltningsmyndighet for mindre verneområder for å registrere behov for tiltaksmidler. Innmeldte behov skal samordnes og prioriteres av Statsforvalteren i dialog med kommunene og inngå i den samlede innmeldingen. Kommuner med delegert forvaltningsmyndighet skal enten inviteres til planleggingsmøtene hos Statsforvalteren, eller til egne samtaler/møter i forkant av planleggingsmøtene.

De miljørettslige prinsippene

De miljørettslige prinsippene (§§ 8 til 12) i naturmangfoldlovens kapittel II skal legges til grunn ved myndighetsutøvelse som berører naturmangfold. For at det skal komme frem tydeligere hvilke vurderinger som er gjort forut for søknader om midler til tiltak, skal forvaltningsmyndighetene synliggjøre vurderingene av miljørettsprinsippene ved innmelding av behov for midler til tiltak som kan berøre naturmangfold. Når en beslutning har utelukkende positiv effekt for naturmangfold, er det ikke nødvendig å bruke prinsippene. Vi ber om at det gis en kort oppsummering av vurderingen i merknadsfeltet ved utfylling av skjema i elektronisk søknadssenter og at eventuell utfyllende beskrivelse av vurderingene legges ved som vedlegg til tiltaket. Vurderingen etter prinsippene skal være forholdsmessig til tiltakets omfang og påvirkning på naturmangfoldet. I henhold til KLD sin veileder om naturmangfoldloven kapittel II, er det ikke nødvendig å henvise til hvert enkelt prinsipp, men vi ønsker at det kommer frem hvilke vurderinger som er gjort. Veilederen ligger på regjeringens nettsider [her](#) og Miljødirektoratets veiledning om miljørettsprinsippene finnes [her](#).

Naturrestaurering

Posten kan benyttes til å restaurere forringet natur, både innenfor og utenfor verneområdene. Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus og Statsforvalteren i Innlandet kan bistå med faglige råd knyttet til restaurering av myr. Det kan meldes inn behov for midler fra post 1420.21 til styrket kapasitet hos Statsforvalterne knyttet til oppgaver på naturrestaurering. Vi gjør oppmerksom på at midlene til å styrke kapasiteten er begrenset.

Behov for midler til hogst av fremmede treslag i verneområder som er av et visst omfang, meldes inn i skjemaet for *Naturrestaurering* i ESS. Hvis tiltaket har mer karakter av løpende skjøtsel, meldes det inn i skjemaet for *Tiltak i verneområder*.

Tiltak i verneområder

Målet for bruken av midler til tiltak i verneområder er at naturtilstanden opprettholdes eller bedres. Miljødirektoratet legger *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder* (2026-2030) til grunn for tildeling av midler, se vedlegg 1. Det kan meldes inn behov for tiltak i alle typer av verneområder, inkl. marine verneområder og verneområder i sjø.

Alle tiltak i verneområder skal prioriteres i tråd med Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030) og skal i utgangspunktet være forankret i godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller tilsvarende plan for arbeidet. Tiltaksplaner i FPNV (forvaltningsplan på nett) er koblet til søknadsskjema i ESS. Disse tiltaksplanene åpnes i ESS, og FPNV-tiltak velges direkte inn i søknadsskjemaet.

Det kan tildeles midler til kartlegginger og andre nødvendige utredninger som er direkte knyttet til tiltak.

Pågående skjøtselstiltak

Statsforvalteren kan for 2026 søke om en ramme på inntil kr. 500 000 per fylke for pågående skjøtselstiltak. Dersom behovet skulle overstige tildelt ramme, må overskytende tiltak spesifiseres som egne tiltak i ESS.

Fremmede arter

For bekjempelse av mink, rynkeroser og stillehavsøsters er det utarbeidet handlingsplaner (DN-rapport 5-2011, DN-rapport 2013-1 og Rapport M-588, 2016). Prioriteringer gitt i handlingsplanene skal følges ved innmelding av behov for midler til slike tiltak, og metodene som er gjengitt i planene skal benyttes.

Tiltak i områder der SNO skal være økonomisk ansvarlig, må meldes inn som enkelttiltak i ESS og ikke som del av en ramme som også statsforvalteren skal benytte seg av. Vi ber om at dere skriver inn hvilket eller hvilke verneområder det søkes om tiltak i.

Informasjonstiltak

Alle informasjonstiltak som iverksettes skal være i henhold til [merkevaren Norges nasjonalparker](#) og være forankret i en besøksstrategi. For verneområder forvaltet av verneområdestyrer og for verneområder med status som Ramsarområde, skal besøksstrategier sendes til Miljødirektoratet for faglig godkjenning. Alle henvendelser knyttet til informasjonstiltak rettes til merkevare@miljodir.no.

Statsforvalteren kan for 2026 melde inn behov for en ramme på inntil kr. 500 000 per fylke til informasjonstiltak. Dersom Statsforvalterens behov skulle overstige tildelt ramme, må overskytende tiltak spesifiseres som egne tiltak i ESS. Statsforvalteren må samordne og gjøre en prioritering av forslag til informasjonstiltak fra kommuner med delegert forvaltningsmyndighet.

Verneskilt og skiltstenger

Totalt behov for antall verneskilt, underskilt og skiltstenger meldes inn sammen med de andre tiltakene i ESS. Det skal benyttes en egen linje for skilt og en annen for stenger. Antall og type skilt/stenger oppgis i merknadsfeltet.

Retningslinjene for bruk av verneskilt finner du her:

https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/alle-tema/verneomrader/retningslinjer-for-bruk-av-verneskilt_mdir_mai_2021.pdf

Skiltmateriell kan bestilles hos Reklameservice AS: <https://miljodir.reklameservice.no/>.

Bestillingsløsningen krever innlogging, og passordet er *miljodirektoratet*.

2. Innmelding av andre behov

Driftsmidler til verneområdestyrer

Verneområdestyrene skal melde inn behov for driftsmidler over post 1420.21 i ESS. Nærmere informasjon om hva det kan søkes om finnes i veiledningen til søknadsskjemaet i ESS under "Bestillingsdialog", "Behovsinnmelding statsforvalteren". Midler til driftsoppgaver i verneområdene kan *ikke* dekkes over post 1420.31, men kan omsøkes under post 1420.21.

Forvaltningsplaner og bevaringsmål

Forvaltningsplaner skal utarbeides i det nettbaserte FPNV-systemet. I løpet av 2026 vil FPNV fases ut, og forvaltningsplaner skal etter det utarbeides i Naturoppdrag. Sannsynligvis vil denne overgangen skje rundt sommeren. Behov for midler til forvaltningsplaner skal meldes inn i ESS, i skjemaet *Behovsinnmelding statsforvalteren*.

Vi trenger å vite hva som er effekten av tiltak som settes inn, og vi oppfordrer derfor forvaltningsmyndigheten til å etablere bevaringsmål i Naturoppdrag.

Ferdsestallere

Vi har frem til nå hatt et opplegg for ferdestallere eid av Miljødirektoratet, som fordeles til forvaltningsmyndighetene basert på behovsinnmelding i ESS. SNO lokalt har bistått med oppsetting og drift, samt ajourføring av databasen. Antallet ferdestallere som fortsatt fungerer er nå så få at de gjenværende tellerne vil bli fordelt internt i regionene etter vurderinger gjort på planleggingsmøtene.

Det blir ikke mulig å melde inn behov for direktoratets ferdselstellere i ESS.

3. Planlegging av verneområdearbeidet

Det er viktig å sikre god dialog og forutsigbarhet i verneområdearbeidet med hensyn til prioritering av oppsynsinnsats, gjennomføring av oppdrag og oppfølging av bevaringsmål som SNO har ansvar for. Forvaltningsmyndigheten og naturoppsynet skal bruke Naturoppdrag, både i planlegging og gjennomføring av oppdrag i verneområdene. Forvaltningsmyndighetene har hovedansvar for behov og oppdrag, mens SNO bruker observasjon, med eller uten krav til oppfølging, samt installasjon for å registrere det som oppdages/registreres i felt. Forvaltningsmyndigheten må deretter vurdere om det skal genereres behov eller oppdrag utfra SNO sine innlagte observasjoner og installasjoner. De årlige planleggingsmøtene skal omhandle verneområdearbeidet og være en arena for samhandling om utfordringer og prioriteringer kommende år.

SNO er selv ansvarlig for å planlegge og prioritere og er økonomisk ansvarlig ved gjennomføring av egne tilsyns- og kontrolloppgaver. Det er likevel viktig at forvaltningsmyndigheten drøfter tilsynsbehov med SNO og kommer med innspill til prioriteringer av tilsynsvirksomheten for kommende år. Det jobbes med å få på plass en egen funksjon i Naturoppdrag, hvor forvaltningsmyndigheten i samråd med SNO må legge inn ønsket tilsynsfrekvens for alle verneområder. I dag har mange embeter en egen plan for dette, og inntil den nye funksjonen i Naturoppdrag blir tilgjengelig, må denne planen brukes. Ordinært tilsyn i verneområdene skal ikke legges som oppdrag i Naturoppdrag.

Oppdrag knyttet til registrering og skjøtsel av kulturminner må avklares med regional kulturminnemyndighet før de eventuelt legges inn som oppdrag til SNO.

Tabelloversikt over viktige frister og gjøremål.

Hva skal gjøres?	Hvem gjør det?	Når skal det gjøres?	Kommentar.
Dokumenter alle oppdrag utført inneværende år i Naturoppdrag	Utfører	Senest en uke før planleggingsmøtet	Om <i>Utfører</i> ikke har tilgang til Naturoppdrag skal <i>Ansvarlig</i> dokumentere oppdraget
Formøter	Forvaltningsmyndighet og lokalt SNO	Senest en uke før planleggingsmøtet	Gjennomgang av gjennomførte og kommende oppdrag. Forvaltningsmyndighet arrangerer
Opprett forslag til kommende års oppdrag i Naturoppdrag	Forvaltningsmyndighet	Senest en uke før planleggingsmøtet	
Planleggingsmøter	Forvaltningsmyndighet og lokalt SNO	15. november - 15. desember	Forvaltningsmyndighet arrangerer

Siste frist for å avvise oppdrag i Naturoppdrag	Lokalt SNO	31. desember	Avviste oppdrag skal ha " <i>Ingen utfører</i> ". Godtatte oppdrag skal ha riktig <i>Utfører</i>
--	------------	--------------	--

4. Elektronisk søknadssenter (ESS)

Elektronisk søknadssenter (ESS) vil være klart for innmeldinger i skjemaene *Midler til tiltak i verneområder* og *Midler til naturrestaurering* fra og med 15. november 2025. Informasjon om innmelding av behov for midler til tiltak for villrein, vil bli gitt av Miljødirektoratet på et senere tidspunkt.

Behov for tiltaksmidler skal meldes inn med netto beløp, det vil si uten merverdiavgift. Den regnskapsmessige håndteringen ved bokføring av merverdiavgift, omtales i Rundskriv R-116 fra Finansdepartementet.

Det ligger to ulike skjemaer i ESS for innmelding av behov for midler til tiltak på post 1420.31 – ett for *Midler til tiltak i verneområder* og ett for *Midler til naturrestaurering*. Alle tiltak skal kostnadsberegnes og legges inn i det skjemaet som passer best.

Det må være klart hvem som skal være økonomisk ansvarlig for de ulike tiltakene når de legges inn i ESS. Ethvert tiltak som meldes inn skal kun ha én økonomisk ansvarlig.

Tiltaksmidlene vil bli tildelt i hovedtildelingen i februar 2026. Dersom det skulle bli behov for supplerende tildelinger senere på året, meldes behov inn på e-post til:

Vibeke Husby vibeke.husby@miljodir.no for verneområder forvaltet av Statsforvalteren og av kommuner med delegert forvaltningsmyndighet

Ingrid Moe Dahl ingrid.moe.dahl@miljodir.no for verneområder forvaltet av verneområdestyrer.

Frist for forvaltningsmyndigheten for å melde inn behov for midler i [Elektronisk søknadssenter](#) og behov for SNO-ressurs (som utfører) i [Naturoppdrag](#), er **9. januar 2026**.

5. Rapportering

Rapporteringen av mer-/mindreforbruk skal skje i forbindelse med rapport pr. 31. aug. 2026, økonomirapportering pr 1. november og endelig årsrapport pr. 31. des. 2026. Samtidig med endelig årsrapportering skal det også rapporteres i ESS på enkelttiltak finansiert over post 1420.31. Manglende rapportering kan få konsekvenser for senere tildelinger.

Hilsen
Miljødirektoratet

Ivar Myklebust

avdelingsdirektør
Land- og friluftslivavdelingen

Morten Kjørstad

avdelingsdirektør
Statens naturoppsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1. Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030)

Kopi til:

Kommuner med delegert forvaltningsmyndighet for verneområder

Statsforvalterne
Nasjonalpark- og verneområdestyrer

Trondheim, 10.03.2025

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2025/8483

Saksbehandler:
Tone Lise Alstad Eid

Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer

På grunn av endringer i naturmangfoldloven som trådte i kraft fra 1. januar 2025 er det ved kongelig resolusjon 28. februar 2025 fastsatt oppdatert delegering av myndighet etter nærmere angitte bestemmelser i naturmangfoldloven til Klima- og miljødepartementet. I delegeringsvedtak samme dag har Klima- og miljødepartementet fastsatt oppdatert delegering av myndighet til Miljødirektoratet.

Delegeringene trer i kraft 15. mars 2025 og erstatter tidligere delegeringer etter naturmangfoldloven.

Miljødirektoratet fastsetter på bakgrunn av dette ny delegering til av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrene. Ny delegering innebærer ingen endring i hvilken myndighet som legges til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrene.

Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven fra Miljødirektoratet til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer

Fastsatt av Miljødirektoratet 10. mars 2025 med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven), kgl.res. 28. februar 2025 nr. 320 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til Klima- og miljødepartementet, og delegeringsvedtak 28. februar 2025 nr. 321 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven fra Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet.

1. Myndighet etter lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) delegeres til statsforvalterne for følgende bestemmelser:
 - § 20 annet ledd
 - § 21 annet ledd
 - § 69 første ledd
 - § 70 annet ledd

- § 71 første ledd
 - § 72 tredje ledd
 - § 73 første ledd
 - § 73 fjerde ledd
2. Myndighet etter lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) delegeres til nasjonalpark- og verneområdestyrer for følgende bestemmelser :
- § 69 første ledd
 - § 70 annet ledd
 - § 71 første ledd
 - § 73 første ledd
 - § 73 fjerde ledd
3. Delegeringene trer i kraft 15. mars 2025. Delegeringene er ikke til hinder for at departementet eller direktoratet kan utøve myndighet etter bestemmelsene.
4. Vedtak 14. januar 2021 nr. 97 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer oppheves.
5. Miljødirektoratets vedtak 29. april 2022 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til statsforvalteren og nasjonalpark- og verneområdestyrene oppheves.

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Hilde Singsaas
direktørdirektør

Ivar Myklebust
avdelingsdirektør



Til: Statsforvaltaren ved nasjonalparkforvaltar Astrid Bakke Haavik

Jondal 11.06.2025

Innspel til forvaltningsplan Folgefonna Nasjonalpark

Folgefonni Breførarlag AS har sidan 1994 tilbydd guida turar i randsona av, men også inn i, Folgefonna Nasjonalpark. Gjennom desse åra har me erfart kor avgjerande det er at naturen får vera urørt og vill – ikkje berre for naturopplevinga i seg sjølv, men også for kvaliteten og integriteten i dei aktivitetane me tilbyr. Det er nettopp stillheita, villmarka, det urørte landskapet og dei store, naturlege endringane gjennom årstidene og over tid som gjer Folgefonna unik. Desse verdiane er kjernen i det me formidlar til våre gjester, og det som gjer ferdsel i området til ei djup og meningsfull oppleving. For oss er det difor heilt avgjerande at nasjonalparken vert forvalta med eit langsiktig og føre-var perspektiv. Me ynskjer ei forvaltning som sikrar at natur, dyreliv og miljø ikkje vert påverka negativt – verken av ferdsel, støy eller tekniske inngrep. Berre gjennom eit sterkt vern kan me sikre at framtidige generasjonar får oppleva den same urørde storleiken som me har hatt gleda av å formidla i over 30 år.

Motorisert ferdsel

Ironisk nok har me sett ein auka bruk av motoriserte køyretøy i området etter at Folgefonna nasjonalpark vart oppretta i 2005.

Me meiner det bør innførast endå strengare krav for å få løyve til å køyre snøscooter eller andre motoriserte køyretøy – inkludert nye typar elektriske køyretøy – både i nasjonalparken og i randsona rundt. Randsonene er òg svært viktige, då støy frå motorisert ferdsel her lett forplantar seg inn i sjølve nasjonalparken. For å sikre ei heilskapleg forvaltning må kommunane, nasjonalparkforvaltinga og Statens naturoppsyn ha ein tettare og meir systematisk dialog. Det er avgjerande at påverknaden frå motorisert ferdsel i randsonene vert grundig vurdert før det vert gitt løyve, slik at ein tek omsyn til verneverdiane i nasjonalparken.

Støy

Forvaltningsplanen må tydeleg slå fast at organiserte aktivitetar som medfører støyforureining ikkje skal vere tillat i nasjonalparken. Stillheita er ein grunnleggjande del av naturopplevinga, og ein viktig verdi som må vernast. Folgefonna er ein platåbre der lyd ber langt, noko som gjer området særleg sårbart for støy. Avspeling av høg musikk og organisert hundekjøring med hundar som ular er døme på aktivitetar i randsona som har skapt merkbar støy inne i nasjonalparken. Slike inngrep i den naturlege stillheita er etter vårt syn heilt uakseptable i eit verneområde. Som tidlegare nemnt er det difor avgjerande at dei ulike forvaltningsinstansane – både for randsona og sjølve nasjonalparken – har ein tett og koordinert dialog. Alle løyver som kan påverka nasjonalparken må vurderast i lys av dei samla verneverdiane, inkludert behovet for ro og stillheit.

Innfallsportane

Det er avgjerande at tilkomsten til nasjonalparken vert sikra for allmennheita, og at vegar og innfallsportar ikkje vert privatiserte. Myndighetene må samarbeide tett for å sikre at tilrettelegging for ferdsel skjer på ein måte som ivaretek både friluftsliv og verneinteresser.

Det bør ikkje vere tillate å etablere basecampar, faste installasjonar eller andre tiltak tett på nasjonalparkgrensa som kan privatisere området eller hindre fri ferdsel. Slike inngrep kan svekkje opplevinga av urørt natur og redusere tilgjenge for allmenta.

Ei viktig del av opplevinga i nasjonalparken er god besøksforvaltning – det vil seie ryddige parkeringsforhold, tilgang til nødvendige fasilitetar som toalett, og god informasjon om både naturverdiane og trygg ferdsel, særleg i møte med brelandskap. Eventuelle avgifter, som parkerings- eller bompengar, må vere rimelege og stå i forhold til reelle driftskostnader.



FOLGEFONNI

BREFØRRARLAG

Me har registrert at enkelte løyver som er gitt til no verkar noko tilfeldige, og at dei lett kan danne presedens for framtidige avgjerder. I ei tid der stadig mindre natur er urørt, er det viktigare enn nokon gong med ein overordna forvaltningsplan som set tydelege og strenge rammer for kva som er tillate – når det gjeld motorisert ferdsel, støy, installasjonar og bruk av både nasjonalparken og randsonene rundt.

Best Regards

Åsmund Bakke
Manager

Dokument 'Saksfremlegg' kunne ikke settes inn i møteinnkallingen.

Arkivsaksnr: 2024/16502-40
Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik
Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	22/25	01.12.2025

Oppsummering av møte i fagleg rådgjevande utval 3. november - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025

Oppmøte:
Frå administrasjonen: Astrid Bakke Haavik og Henriette Bye
Frå styret: Roald Aga Haug og Per Harald Löfgren Johansen
Andre: Karen Løvfall Vaage, landbrukskontoret i Kvinnherad kommune

Frå fagleg rådgjevande utval:

Representerer	NAMN
Grunneigar Buer	Elisabeth W. Hauge
Valestrand Beitesforening	Jofrid Valen
Stiftinga Folgefonnsenteret	Una Kolle og Sara Nonås Langhelle
Geopark Sunnhordland og Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Brynjar Stautland
Kvinnherad turlag	Anne Kari Enes
Odda/Ullensvang turlag	Håvard Apold
Folgefonni Breførarlag	Åsmund Bakke

Kunne ikkje stille:

Representerer	NAMN
Bondhus grunneigarlag	Audun Nes
SKL Sunnhordland kraftlag	Erling Otterlei

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

Naturvernforbundet Kvinnherad	Jarle Øvrehus
Naturvernforbundet Hordaland	Oddvar Soldal
Kvinnherad sau og geit	Bjarne Berge

Oppsummering:

Kort om dagens situasjon i og rundt Folgefonna nasjonalpark

- Forvaltning kort fortalt
- Utviklinga i landbruket, ved landbrukskontoret i Kvinnherad
- Besøk i Folgefonna nasjonalpark, ved Folgefonnsenteret

Forvaltningsplan, kvifor og kva

Forvaltar orienterte kort om utgangspunkt, grunnlag og prosess i forvaltningsplanarbeidet.

Gruppearbeid retningslinjer:

Arbeidet med retningslinjer vart presentert og konkrete retningslinjer vart diskutert rundt borda.

Rådgjevande utval meiner det i stor grad er lett å finne fram og tolke regelverk og retningslinjer.

Nokre merknader til retningslinjene:

1. Det er sjølvmotseiingar i retningslinjene knytt til bruk av sykkel. Det står i eine retningslina at vi tillét elsykkel og i andre at vi ikkje tillét dette. Styret må avklare kva dei tenkjer om det.

I «§3 pkt. 5.3 Sykling og bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate langs trasear som er godkjende for slik bruk.

Retningsline:

- Vi opnar for bruk av sykkel på stiane i Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda. **Dette gjeld både sykkel og elsykkel.**»

Og under § 3 punkt 6. Motorferdsel

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.

«Dette gjeld for alle typer køyretøy med motor, inkludert elsykkel og -båt.»

2. Det er i retningslinjene om motorferdsel spesifisert at i rundskriv t1/96 (omhandlar motorferdsellova) at:

«Motorisert persontransport er forbode. Basert på rundskriv frå regjeringa (sjå vedlegg "T-1/96") gjeld dette ikkje personar som sit på om ein har fått løyve til nyttetransport, så



*lenge dette ikkje fører til auka behov for motorferdsel. Om arbeidet skal utførast av profesjonelle handverkarar i arbeidssamanheng kan desse bli sendt med motorisert transport etter ei heilskapleg vurdering frå **nasjonalparkstyret**. Dette gjeld ikkje handverkarar som skal gjere t.d. dugnadsarbeid på fritida.»*

Denne spesifiseringa går negativt ut over dei som driv stolar og turisthytter på dugnad. Er det naudsynt å halde seg til denne regelen i verneområdet?

Merknad frå forvaltar;

Dette står i T-1/96 om persontransport

Transport til private hytter, § 5 første ledd bokstav c

«Det er bare transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som kan tillates; alminnelig persontransport kan ikke tillates. Når det er gitt tillatelse til transport av bagasje og utstyr, må det imidlertid være adgang til å la personer sitte på, når det er plass til det sammen med bagasjen.»

I forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag er det opna for:

§ 3. Motorkjøretøy kan på vinterføre nyttas til:

d. transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggetillatelse,

Forvaltar tolkar det difor slik at styret kan velje å opne for likestilling mellom folk på dugnadsarbeid og betalte handtverkarar i retningslinene for motorferdsel.

3. Det kom forslag om å endre definisjonane i retningslinene for organisert ferdsl frå:

«Definisjon på organisert ferdsl

Planlagt, koordinert og leia. Kunngjort på førehand eller gjentakande aktivitet og fleir enn 50 deltakarar»

Til noko som liknar på retningslinene frå Færder nasjonalpark.

Følgende typer av organisert ferdsl krever alltid tillatelse:

- Grupper og arrangementer med minst 50 deltagere. Skoleklasser på tur omfattes normalt ikke av denne regelen, bortsett fra hvis antallet blir over 90 deltagere (tre skoleklasser).*



- Grupper og arrangementer med færre enn 50 deltagere, når aktiviteten planlegges gjennomført minst tre ganger pr. år på samme sted. Alminnelig turaktivitet i mindre grupper i regi av familie og venner krever likevel ikke tillatelse etter denne regelen.
- Teltleire med minst 10 telt.

Det kom også innspel om at det er slitasje på terreng og problem med avføring på grunn av mykje telting i Bondhusdalen LVO. Det er behov for retningslinjer og samarbeid med andre myndigheter som kan bidra til å avbøte problema knytt til telting.

Gruppearbeid om forvaltningsmål og tiltak

Forvaltningsmål for nasjonalparken:

- | | |
|---|---|
| 1. Styrkje og ta vare på verneverdiane i eit langsiktig perspektiv | Forslag om å stryke punkt 4. Dette vert dekkja av dei andre måla. |
| 2. Ta vare på og synleggjere utvalde kulturminne i verneområda | Er det nødvendig med mål 6? |
| 3. Leggje til rette for vern gjennom bruk og halde ved lag kulturlandskapet | |
| 4. Leggje til rette for gode og inkluderande naturopplevingar | |
| 5. Gje god informasjon om natur, kultur og åtferd i verneområda, og styrkje medvitte hjå både besøkande og reiselivsnæringa | |
| 6. Fremje berekraftig reiseliv og lokal verdiskaping | |
| 7. Sikre at auka bruk og tilrettelegging ikkje skjemmer landskapet eller skaper konflikter med friluftsliv og landbruksinteresser | |

Forslag til tiltak knytt til nasjonalparken

Det er viktig med godt kunnskapsgrunnlag og å følgje med på tilstanden til naturverdiane. Det er

Det må på plass informasjon om bandtvang



Informasjon om fare knytt til steinsprang, brelandskap m.m.

Kan informasjonsarbeidet styrkast med samarbeid med aktørar rundt verneområda, t.d. ved vertskapskurs?

Skjøtselsplanar for område som har aktiv landbruksdrift (stølsområde o.l.)

Restaurering av stiar (ikkje spesifisert)
Bruk av lokale leverandørar
Styrke samarbeidet med lokale organisasjonar for å betre formidlinga (eks Geoparken, destinasjonsselskapa o.l.)

Opprette ein chatbase for Folgefonna nasjonalpark (med QR-kode på plakatar?)

Kulturminneplan må på plass med ein tilhøyrande strategi for å ta vare på kulturminna.

Melderskin og Bondhusdalen er begge lokalitetar som Geopark Sunnhordland har vald ut som *Defining Heritage* i geoparkens grunnlag for UNESCO-statusen, dvs lokalitetar av *internasjonal, vitskapleg verdi*. Ha gjerne det i mente med tanke på nye skilttekstar for desse to stadene.

Forvaltningsmål for landskapsvernområda

- Forvaltinga skal ha eit langsiktig, berekraftig perspektiv slik at verneverdiane vert oppretthaldne på kort og lang sikt.
- Vi let skogen utvikle seg mot naturskog ved å styre framtidig hogst ved hjelp av skogbruksplanar.
- Vi held kulturlandskapet ved like

Måla for landskapsvernområda og nasjonalparken bør knyttast tettare saman og få likare form.

Måla må vere så konkrete som råd er



med tradisjonell skjøtsel for å halde på artsmangfaldet og kulturhistoria

- Vi legg til rette for at besøkande og brukarar får gode opplevingar og kunnskap om verneområdet utan å forringe verneverdiane.

Forslag til tiltak knytt til landskapsvernområda

Overvaking av verneverdiane og besøkande er viktig

Det kjem fleire «bekymringsmeldingar» om auka slitasje som følgje av besøkande og særleg telting bl.a. i Bondhusdalen og Ænesdalen. I Buerdalen har ein nådd taket for besøk i sommarsesongen.

Det bør lagast ein toalettplan i samarbeid med kommunen for mykje besøkte innfallsportar

Skjøtselsplanar for skjøtselskrevjande naturtypar må på plass.

Buer LVO: Infomere om Buer hotell på Gletthaug, natur, kultur og reiselivshistorie. Total skiltplan for Buer LVO

Bondhusdalen LVO: Begrense telting, særlig på utvalde lokalitetar med mykje slitasje. Er det mogleg med forbod?

Kulturminneplan må på plass med ein tilhøyrande strategi for å ta vare på kulturminna. Det vart vist til kolmilene i Hattebergsdalen og at desse bør informerast om, interessant kulturhistorie.

Geoparken har skilt på parkeringsplassen i Bondhusdalen, men geoparken vil gjerne samarbeide om informasjonstilbodet her. Det kan vera eit godt poeng å nemne i nasjonalparkens skilt at denne staden er rangert som av internasjonal verdi i UNESCO-geoparken. Info er noko



Geoparken blir nøye målt på ved revalidering av statusen.

UNESCO-statusen kan styrke søknader i internasjonale ordningar som Erasmus, Interreg, Horizon, td. samarbeider Geoparken i eit Erasmus-prosjekt med tre andre europeiske land, og der dette prosjektet har gjeve oss ca 1 mill. og fører til ein stor ressursbank for skulane våre ila 2026. Finnest det tema som kan vera relevant å søke på for nasjonalparken og geoparken i lag, i og med våre overlappende tema i same region?

Stiegler



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Folgefonna nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæro 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5557 2135
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

Marius Wesenberg | Stiegler Advokatfirma AS

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2022/11690-20 432.3

Dykkar ref.

Dato 25.09.2025

Godkjenning av rettingstiltak

Folgefonna nasjonalparkstyre godkjenner med dette rettingstiltak maling av dører på stølsbu som er gjort etter vedtak i sak ST 15/23 frå Folgefonna nasjonalparkstyre og vedtak i sak 2023/8287 frå Miljødirektoratet datert 30.09.2024.

Nasjonalparkstyret avventer endeleg frist for retting 01.10.2026 for å godkjenne dei andre rettingstiltaka.

Bilete av retting er vedlagt.

Med helsing

Sigrid Brattabø Handegard
Leiar Folgefonna nasjonalparkstyre

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

Avtale om stirestaurering i Bondhusdalen landskapsvernområde 2025

Leverandør: Stibbyggjaren AS

Oppdragsgjevar: Statsforvaltaren i Vestland, Folgefonna nasjonalparkstyre
v/kontaktperson: Astrid Bakke Haavik



Innhold

AVTALE OM STIRESTAURERING I BONDHUSDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE 2025.....	1
1. GENERELT	3
2. ARBEIDSOMFANG	3
3. KRAV TIL UTFØRING	4
3.1 Personell.....	4
3.2 Materiell.....	4
3.3 Risiko og forsikring	4
3.4 Miljø.....	4
3.5 Helse og sikkerheit.....	4
4. PRISAR OG ØKONOMISKE RAMMER.....	5
4.1 Pris	5
4.2 Økonomisk ramme	5
5. KONTRAKTSPERIODE OG FRAMDRIFTSPLAN.....	5
5.1 Kontraktperiode.....	5
6. SAMFUNNSANSVAR	5
6.1 Menneskerettar.....	5
6.2 Prinsipp og tilsette sine rettar.....	5
7. FAKTURERING	6
7.1 Krav til merking av faktura.....	6
7.2 Fakturaadresse.....	6
8. PROSJEKTORGANISERING	7
9. MØTE OG SYN FARING	7
10. RAPPORTERING	7
11. TEIEPLIKT	7
12. FORCE MAJEURE.....	7
13. MISHALD	7
14.1 Leverandør sitt ansvar.....	7
14.2 Oppdragsgjevar sitt ansvar.....	8
14. SANKSJONAR	8
15. PARTANE SINE REPRESENTANTAR	8
Oppdragsgjevar sin representant:.....	8
Leverandøren sin representant:	8

1. Generelt

Arbeidet som skal utførast er i Bondhusdalen landskapsvernområde. Folgefonna nasjonalparkstyre er forvaltningsmynde for dette verneområde, og får årleg tildeling av tiltaksmidlar over statsbudsjettet via Statsforvaltaren i Vestland. Avtale vert underteikna av Statsforvaltaren på vegne av nasjonalparkstyre og midlane utbetalt mot faktura. Val av tiltak som kan setjast i gang er avhengig av tildelte midlar det enkelte året.


2. Arbeidsomfang

Arbeidet har som føremål å ferdigstille vedlikehald av turstien inst i Bondhusdalen, slik at han er betre beskytta mot slitasje grunna høgt ferdselstrykk. Arbeidet omfattar vedlikehald av rundt 150 meter av turstien, mellom Pyttelva, Nædstasetra (Figur 1).

Arbeidet tek utgangspunkt i dei planlagde tiltaka (vedlegg).

Eksisterande vegar og stiar kan nyttast, men det er eit krav at dei skal vere i minst like god stand når tiltaket er slutført som dei var i utgangspunktet. Det er leverandørens eige ansvar å vurdere kva vegen og stien toler av aktivitet. Leverandøren må også vurdere i kva grad luftleidningar og vassleidningar kan skape utfordringar for gjennomføringa av tiltaket.

Arbeidet skal vere slutført innan 15.10.2025.



Figur 1. Stitraseen (markert med raud strek) som oppdraget omfattar ligg inst i Bondhusdalen

3. Krav til utføring

Turstien ligg i Bondhusdalen landskapsvernområde som er verna i medhald av naturmangfaldlova. Arbeidet krev difor særleg omsyn til terreng, vegetasjon og verneverdiar. Leverandør må fylgja alle reglar, føringar og pålegg som det fører med seg.

Mange av områda er utan tilgang frå veg, og det vil vere aktuelt med helikoptertransport av stein. Det kan ikkje nyttast køyretøy på stiane sør i Bondhusdalen. Mykje av arbeidet må gjerast manuelt.

3.1 Personell

Personell må ha naudsynte kvalifikasjonar for gjennomføring av oppdraget.

3.2 Materiell

Leverandør må ha tilgang til naudsynt utstyr og materiell til utføring av oppdraget.

3.3 Risiko og forsikring

Tenesteytar har ansvaret for økonomisk tap som måtte oppstå grunna skade på eller tap av materiell eller utstyr så lenge det er i tenesteytar si varetekt. Tenesteytar er sjølv ansvarleg for eventuell forsikring på personell og utstyr.

3.4 Miljø

For arbeid i verneområde skal reglane i verneforskrifta fylgjast. Dette gjeld m.a. motorisert ferdsel og forbod mot inngrep som kan verka inn på landskapets art og karakter. Det må føreliggja naudsynte løyve før tiltak kan setjast i verk. Alt arbeid skal avklarast med nasjonalparkforvaltar.

Nasjonal og internasjonal miljølovgjeving og reguleringar skal overhaldast. Relevante utsleppsløyve skal vere innhenta der det er naudsynt. Skadelege kjemikaliar og andre stoff skal forvaltast på ein forsvarleg måte.

3.5 Helse og sikkerheit

Arbeidsmiljøet skal vere i samsvar med produsentlandet sin lovgiving og internasjonale retningslinjer.

Leverandør må ha naudsynte sertifikat for bruk av motorsag, og personleg verne- og sikringsutstyr for bruk av motorsag og ryddesag.

4. Prisar og økonomiske rammer

4.1 Pris

Prisen er for heile oppdraget samla (eks. mva), og inkluderer oppstartskostnad, reisekostnad, opphald, utstyr, materiell, transport, opprydning etter oppdraget osv.

4.2 Økonomisk ramme

Prosjektet har ei ramme på 270 000 kr. Eks MVA

5. Kontraktperiode og framdriftsplan

5.1 Kontraktperiode

Kontraktperioden er frå kontraktinngåing til 15.10.2025

Kontrakten opphøyrer ved utløp av avtaletida utan føregåande oppseiing.

Arbeidet blir ikkje sett på som fullført før dette er godkjent av oppdragsgjevar

6. Samfunnsansvar

Våre leverandørar og avtalepartnarar skal respektere grunnleggande sosiale og etiske krav i si verksemd. Dersom tenesteytar brukar underleverandørar til å fullbyrde denne Kontrakten, er tenesteytar forplikta til å vidareføre og bidra til etterleving av krava som er gitt nedanfor hjå sine underleverandørar.

6.1 Menneskerettar

Leverandøren skal respektere FN sin menneskerettskonvensjon.

6.2 Prinsipp og tilsette sine rettar

Nasjonal lovgjeving

Leverandøren og eventuelle underleverandørar pliktar å etterleve arbeidslovgjevinga i produsentlandet, og denne utgjer alltid eit minimumsnivå for dei tilsette sine rettar. Der retningslinjene og nasjonale lovar eller reguleringar omhandlar same tema, skal den høgaste standarden alltid gjelde.

Forbod mot barnearbeid og tvangsarbeid/slavearbeid

Det skal ikkje vere nokon form for tvangsarbeid, slavearbeid eller ufrivillig arbeid. Arbeidarane må ikkje levere depositum eller identitetspapir til arbeidsgjevar, og skal vere frie til å seie opp etter rimeleg oppseiingstid. Barnearbeid, i samsvar med FN sin barnekonvensjon, er forbode.

Diskriminering (ILO konvensjon nr. 100 og 111)

Det skal ikkje vere nokon diskriminering i arbeidslivet basert på etnisitet, religion, alder, uførheit, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeiningsmedlemskap eller politisk tilhøyre.

Fagorganiseringsfriheit og retten til kollektive forhandlingar (ILO konvensjon nr. 87 og 98)

Arbeidarane skal utan unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeiningar etter eige val, og til å forhandle kollektivt. Dersom desse rettane er avgrensa eller under utvikling, skal leverandøren medverke til at dei tilsette får møte leiinga for å diskutere lønns- og arbeidsvilkår utan at dette får negative konsekvensar for arbeidarane.

Lønn og arbeidstid

Den nasjonale minstelønna er lavast aksepterte nivå, og skal alltid vere tilstrekkeleg til å dekke grunnleggande behov. Lønna skal betalast direkte til den tilsette, fullt ut og til rett tid. Arbeidstida per veke skal ikkje overstige den lovlege grensa, og overtid skal betalast i samsvar med loven.

7. Fakturering

Fakturering skal skje i samsvar med kontrakten.

7.1 Krav til merking av faktura

Faktura skal tydeleg merkast med bestillings-ID **3850abh**

7.2 Fakturaadresse

Elektronisk fakturaadresse: EHF: 974760665, Ref. 3850abh

Dei som ikkje har anledning å sende oss elektronisk faktura kan nytte postadresse:

Statsforvaltaren i Vestland
Fakturamottak DFØ
Postboks 4746
7468 Trondheim

8. Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg hjå Folgefonna nasjonalparkstyre: styreleiar

Prosjektleiar hjå Folgefonna nasjonalparkstyre: nasjonalparkforvaltar Astrid Bakke Haavik

Prosjektleiar hjå leverandør: Geirr Vetti

9. Møte og synfaring

Vert avtala mellom partane ved behov

10. Rapportering

Det skal skrivast rapport om utført arbeid. I rapporten skal det koma fram kva arbeid som er utført, dokumentert med bilete.

11. Teieplikt

Dei vanlege reglane om teieplikt i forvaltningslova gjeld.

12. Force Majeure

Dersom det oppstår ein ekstraordinær situasjon som etter vanlege kjøpsrettslege reglar må reknast som force majeure, må vi sjå på denne avtalen som ikkje mishalden så lenge force-majeure-situasjonen varar. Ved forseinking av oppdraget som skuldast Oppdragsgjevar eller som har årsak i force majeure, skal det avtalast ny tidsplan for framdrift av prosjektet. Dette skal gjerast ved ein tilleggsavtale.

13. Mishald

14.1 Leverandør sitt ansvar

Leverandør skal gjennomføra oppdraget spesifisert i kapittel 2 innanfor godtekne tids- og ressursrammer.

Leverandør har ansvar for at kvaliteten på resultata av oppdraget ligg innanfor dei krav det var rimeleg å stille på grunnlag av dei faglege kvalifikasjonane vi gjekk ut frå hos den personen som har utført oppdraget.

Leverandør er ansvarleg for overskriding av tids- og ressursrammer som følgje av aktløyse og forsett hos dei tilsette. Dersom vesentleg forseinking oppstår kan Leverandør skriftleg spørje Oppdragsgjevar om oppdraget ønskast utført trass i for sein ferdigstilling. Leverandør skal då opplyse om når oppdraget kan slutførast. Vel Oppdragsgjevar å få oppdraget gjennomført, har Leverandør frist fram til det tidspunkt som er nemnt (tilleggsfrist).

14.2 Oppdragsgjevar sitt ansvar

Oppdragsgjevar betalar rente etter "Lov om renter ved forsinket betaling mm" av 17. desember 1976 nr. 100 ved for sein innbetaling etter avtalen sitt punkt 3.2. Oppdragsgjevar skal gi sitt svar skriftleg ved førespurnad om tilleggsfrist etter punkt 8.1, 3. avsnitt. Dersom Oppdragsgjevar ikkje har gitt svar innan 10 -ti- yrkedagar frå vi har mottatt førespurnaden, er tilleggs-fristen akseptert.

14. Sanksjonar

Ved vesentleg mishald av tilhøve som ligg innanfor Leverandør sitt ansvarsområde, jf. pkt. 8.1, kan Oppdragsgjevar utan vidare heve avtalen og krevje erstatning. Erstatninga skal i slike høve ikkje vere høgare enn den totale kostnadsramma for denne avtalen, jf. pkt. 3.1. Ved mishald av betalingsvilkåra ut over 30 dagar kan Leverandør utan vidare heve avtalen og krevje erstatning innanfor same avgrensing som nemnt i første ledd.

Dersom Oppdragsgjevar ved aktløyse eller med overlegg seinkar gjennomføringa av oppdraget og dermed påfører Leverandør eit dokumenterbart økonomisk tap, kan dette krevjast erstatta innanfor same avgrensing som nemnt i første ledd.

15. Partane sine representantar

Oppdragsgjevar sin representant:

Hovudkontakt:

Namn : Astrid Bakke Haavik
Tittel : Nasjonalparkforvaltar
Telefon: 55572015
Mobil : 40904341
E-post : astrid.haavik@statsforvalteren.no

Leverandøren sin representant:

Hovudkontakt:

Namn : Geirr Vetti
Tittel : leder STIBYGGJAREN
Telefon: 977 40 546
Mobil :
E-post : post@gnvetti.com



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Folgefonna nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæro 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5557 2135
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/16502-37 432.3

Dykkar ref. «REF»

Dato 11.11.2025

Avtale om skjøtselsarbeid i Hjortedalen - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025

Kontrakt

Skjøtsel i Folgefonna nasjonalpark

Det er inngått avtale om kjøp av tenester for skjøtsel av kulturlandskap i Folgefonna nasjonalpark. Kontrakta er inngått mellom Folgefonna nasjonalparkstyre og Valestrand Beitesforening AS.

Avtalen er underteikna av Statsforvaltaren på vegne av nasjonalparkstyret. Dette dokumentet er elektronisk signert. Referansenummer for kontrakt: 2024/16502

Aslaug Aalen

Jofrid Valen

Kunde

Leverandør

Folgefonna nasjonalparkstyre
v/Statsforvaltaren i Vestland

Valestrand Beitesforening AS

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturresevat	Langebudalen



Generelt

Arbeidet som skal utførast er i Folgefonna nasjonalpark i Hjortedalen og ved Tverrelva i Etne kommune.

Nasjonalparkstyret får årleg tildeling av tiltaksmidler over statsbudsjettet. Omfanget av arbeidet vert tilpassa tilgangen på tiltaksmidlane.


Arbeidsomfang


Arbeidet som skal utførast er fjerning av gamle gjerde og material som ligg att etter tidlegare drift og hindrar framcome for sau og folk.

Det skal skrivast sluttrapport etter arbeidet er utført, der det kjem fram kva område som er rydda og bilete frå før og etter rydding.

Alt material skal fraktast ut av verneområdet.

Kartutsnitt over området me skal hente ut gjerder, takplater og gammalt «boss». Pilene peikar på beitelaget sitt hus i Hjortedalen og gjetarbua inne ved Tverrelva. Beitelaget sitt området går frå Hjortedalen og inn mot Folgefonna, men det som skal fykast ut er ting som ligg ved huset og bua.





Generelle krav til utføring

Områda for rydding ligg i Folgefonna nasjonalpark verna i medhald av naturmangfaldlova. Arbeidet krev difor særleg omsyn til terreng, vegetasjon og verneverdiar. Leverandør må fylgja alle reglar, føringar og pålegg som det fører med seg.

Områda er utan vegtilkomst. Det kan ikkje nyttast køyretøy på stiane. Arbeidet må gjerast manuelt og alt material må fraktast ut med helikopter (dette krev eige motorferdselløyve).

Personell

Generelle krav til personell

Personell må ha naudsynt kvalifikasjon for gjennomføring av oppdraget. For bruk av maskinelt utstyr må personell ha naudsynt opplæring og verneutstyr.

Økonomisk ramme

Kontraktsverdien for opprydning og søppelhandtering i Hjortedalen er på inntil 60.000 kroner ekskl. mva. Timepris, på kr. 565,- ekskl. mva, skal inkludere alle driftsutgifter ved sjølve skjøtselsarbeidet.



Kostnader til helikoptertransport må vere inkludert i den totale ramma. Ta vare på bilag/dokumentasjon på transportutgiftene til sluttrapportering.

Kontraktsperioden

Kontraktsperioden er frå oktober 2025 til 31. august 2026. Dersom uforutsette tilhøve spelar inn kan kontraktstida forlengast. Kontrakta opphøyrer ved utløp av avtaletida utan føregåande oppseiing. Arbeidet vert ikkje sett på som fullført før det er godkjent av oppdragsgjevar.

Samfunnsansvar og etiske retningslinjer

Våre leverandørar og avtalepartnarar skal respektere grunnleggjande sosiale og etiske krav i si verksemd. Dersom Leverandør til Kunden brukar underleverandørar til å fullbyrde denne Kontrakten, er Leverandør forplikta til å vidareføre og bidra til etterleving av krava som er gitt nedanfor hjå sine underleverandørar.

Menneskerettar

Leverandøren skal respektere FN sin menneskerettskonvensjon.

Prinsipp og tilsette sine rettar

Nasjonal lovgjeving

Leverandøren og eventuelle underleverandørar pliktar å etterleve arbeidslovgjevinga i produsentlandet, og denne utgjer alltid eit minimumsnivå for dei tilsette sine rettar. Der retningslinjene og nasjonale lovar eller reguleringar omhandlar same tema, skal den høgaste standarden alltid gjelde.

Forbod mot barnearbeid og tvangsarbeid/slavearbeid

Det skal ikkje foregå nokon form for tvangsarbeid, slavearbeid eller ufrivillig arbeid. Arbeidarane må ikkje levere depositum eller identitetspapir til arbeidsgjevar, og skal vere frie til å avslutte arbeidsforhaldet etter rimeleg oppseiingstid. Barnearbeid, i samsvar med FN sin barnekonvensjon, er forbode.

Diskriminering (ILO konvensjon nr. 100 og 111)

Det skal ikkje foregå nokon diskriminering i arbeidslivet basert på etnisitet, religion, alder, uførheit, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeiningsmedlemskap eller politisk tilhørighet.

Fagorganiseringfriheit og retten til kollektive forhandlingar (ILO konvensjon nr. 87 og 98)



Arbeidarane skal utan unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeiningar etter eige val, og til å forhandle kollektivt. Dersom desse rettane er avgrensa eller under utvikling, skal leverandøren medverke til at dei tilsette får møte leiinga for å diskutere lønns- og arbeidsvilkår utan at dette får negative konsekvensar for arbeidarane.

Lønn og arbeidstid

Den nasjonale minstelønna er lavast aksepterte nivå, og skal alltid vere tilstrekkeleg til å dekke grunnleggande behov. Lønna skal betalast direkte til den tilsette, fullt ut og til rett tid. Arbeidstida per veke skal ikkje overstige den lovlege grensa, og overtid skal betalast i samsvar med loven.

Særlege krav til helse, miljø og sikkerheit

Miljø

For arbeid i verneområde skal reglane i verneforskrifta fylgjast. Dette gjeld m.a. motorisert ferdsel og forbod mot inngrep som kan verka inn på landskapets art og karakter. Det må føreliggja naudsynte løyve før tiltak kan setjast i verk. Alt arbeid skal avklarast med verneområdeforvaltar.

Nasjonal og internasjonal miljølovgeving og reguleringar skal overhaldast. Relevante utsleppsløyve skal vere innhenta der det er naudsynt. Skadelege kjemikaliar og andre stoff skal forvaltaast på ein forsvarleg måte.

Helse og sikkerheit

Arbeidsmiljøet skal vere i samsvar med produsentlandet sin lovgiving og internasjonale retningslinjer.

Leverandør må ha naudsynte sertifikat for bruk av maskinelt utstyr.

Fakturering

Faktura skal sendast elektronisk på EHF med organisasjonsnr. 974760665 (Statsforvaltaren i Vestland) og tydeleg merkast med bestillingsid: 3850abh.

Fakturafrist: 15. november 2025.

Rapportering

Det skal skrivast rapport om utført arbeid der det kjem fram kva område som er rydda (markert på kart), og bilde frå før og etter rydding.

I rapporten skal det vera med oversikt over timeforbruk og bilag for utgifter til helikoptertransport.



Partane sine representantar

Kunden sin representant

Hovudkontakt:

Namn : Astrid Bakke Haavik
Tittel : Nasjonalparkforvaltar
Telefon: 55572135
Mobil : 40904341
E-post : astrid.haavik@statsforvalteren.no

Leverandøren sin representant:

Hovudkontakt:

Namn : Valestrand Beitesforening AS, Jofrid Valen
Organisasjonsnummer: 932081768
Mobil : 99119903
E-post : jofridv@icloud.com

Med helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Oppdragsavtalen

Statens standardavtale om konsulentoppdrag
SSA-O

Avtale om konsulentoppdrag

Avtale om

Fagrunnlag for vurdering av tiltak i Hjortedalen i Folgefonna nasjonalpark

er inngått mellom:

Statsforvaltaren i Vestland v/ Folgefonna nasjonalparkstyre

(heretter kalla Kunden)

og

Miljøfaglig Utredning AS

(heretter kalla Konsulenten)

(kvar for seg kalla ein Part og i fellesskap Partane)

Stad og dato:

Bergen

Statsforvaltaren i Vestland

[Org.nr. til Kunden]

- digital signatur -

Underskrifta til Kunden

v/ Aslaug Aalen

Miljøfaglig Utredning AS

984 494 068

- digital signatur -

Underskrifta til Konsulenten

v/Kirstin Maria Flynn Steinsvåg

Avtalen signerer digitalt med Posten signeringsløsning og ligg i arkiv på sak 2024/16502

Førespurnadar

Med mindre anna går fram av bilag 4, skal alle førespurnader som gjeld avtalen rettast til:

Hos Kunden

Navn: Astrid Bakke Haavik

Stilling: Nasjonalparkforvaltar

Telefon: 40 90 43 41

E-post: astrid.haavik@statsforvalteren.no

Hos Konsulenten

Navn: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg

Stilling: Daglig leder

Telefon: 94981052

E-post: steinsvag@mfu.no
<mailto:tanaquil@enzensberger.no>

Innhold

1. ALMINNELEGE VILKÅR.....	5
1.1 AVTALEOMFANG.....	5
1.2 BILAG TIL AVTALEN.....	5
1.3 TOLKING – RANGORDNING	6
2. GJENNOMFØRING AV AVTALEN.....	6
2.1 PARTANE SINE REPRESENTANTAR.....	6
2.2 MØTE	6
2.3 RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON.....	7
2.4 SKRIFTLEGHEIT	7
2.5 FRAMDRIFTSPLAN OG LEVERINGSDAG.....	7
3. ENDRINGAR ETTER AVTALEINNGÅING	7
4. VARIGHEIT, AVBESTILLING OG MELLOMBELS STANS	8
4.1 VARIGHEIT	8
4.2 AVBESTILLING	8
4.3 MELLOMBELS STANS.....	8
5. PARTANE SINE PLIKTER.....	8
5.1 OVERORDNA ANSVAR.....	8
5.1.1 <i>Ansaret og kompetansen til Konsulenten.....</i>	<i>8</i>
5.1.2 <i>Kunden sitt ansvar for tilrettelegging og medverknad</i>	<i>9</i>
5.2 BRUK AV UNDERLEVERANDØRAR OG TREDJEPARTAR	9
5.2.1 <i>Konsulentens sin bruk av underleverandørar.....</i>	<i>9</i>
5.2.2 <i>Kunden sin bruk av tredjepart.....</i>	<i>9</i>
5.3 NØKKELPERSONELL	10
5.4 TEIEPLIKT.....	10
5.5 LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR.....	11
5.5.1 <i>Generelt</i>	<i>11</i>
5.5.2 <i>Dokumentasjon</i>	<i>11</i>
5.5.3 <i>Manglande oppfyljing</i>	<i>11</i>
6. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR.....	12
6.1 VEDERLAG	12
6.2 FAKTURERING	12
6.3 FORSEINKINGSRENTE	13
6.4 BETALINGSMISLEGHOLD	13
6.5 PRISENDING	13
7. INFORMASJONSTRYGGLEIK OG PERSONVERN	14
7.1 INFORMASJONSTRYGGLEIK.....	14
7.2 PERSONOPPLYSNINGAR	14
7.2.1 <i>Plikt til å inngå datahandsamaravtale</i>	<i>14</i>
7.2.2 <i>Andre plikter knytte til handsamling av personopplysningar.....</i>	<i>14</i>
7.2.3 <i>Erstatning som følgje av brot på personvernforordninga</i>	<i>14</i>
8. OPPHAVS- OG EIENDOMSRETT	15
9. MISLEGHOLD.....	15
9.1 KVA SOM BLIR REKNA SOM MISLEGHOLD	15
9.1.1 <i>Mislegghald frå Konsulenten</i>	<i>15</i>
9.1.2 <i>Mislegghald frå Kunden.....</i>	<i>15</i>
9.2 VARSLINGSPLIKT.....	16

9.3	TILLEGGSFRIST	16
9.4	AVHJELP AV MISLEGHALDET	16
9.4.1	<i>Konsulentens si avhjelp av misleghald</i>	16
9.4.2	<i>Kunden si avhjelp av misleghald</i>	16
9.5	SANKSJONAR VED MISLEGHALD	17
9.5.1	<i>Prisavslag</i>	17
9.5.2	<i>Tilbakehaldsrett</i>	17
9.5.2.1	<i>Kunden sitt tilbakehald av betaling</i>	17
9.5.2.2	<i>Avgrensing i tilbakehaldsretten til Konsulentens</i>	17
9.5.3	<i>Dagbot</i>	17
9.5.3.1	<i>Når det ligg føre grunnlag for dagbot</i>	17
9.5.3.2	<i>Berekning av dagbota</i>	17
9.5.4	<i>Heving og hevingsoppgjer</i>	18
9.5.5	<i>Erstatning</i>	18
9.5.6	<i>Erstatningsavgrensing</i>	18
10.	ANDRE FØRESEGNER	19
10.1	FORSIKRINGAR	19
10.1.1	<i>Kunden sine forsikringar</i>	19
10.1.2	<i>Konsulentens sine forsikringer</i>	19
10.2	OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTER	19
10.2.1	<i>Kunden si overdraging</i>	19
10.2.2	<i>Overdraging frå Konsulentens</i>	19
10.3	KONKURS, AKKORD E.L.	20
10.4	FORCE MAJEURE	20
11.	TVISTAR.....	20
11.1	FORHANDLINGAR	20
11.2	MEKLING.....	20
11.3	LOVVAL OG VERNETING	20

1. ALMINNELEGE VILKÅR

1.1 AVTALEOMFANG

Avtalen gjeld levering av tenester knytte til oppdrag der Konsulenten skal levere og vere ansvarleg for eit sjølvstendig sluttresultat, heretter kalla «oppdraget».

Kunden har beskrive behova og krava sine til oppdraget i bilag 1, (Kunden si beskriving av oppdraget).

Konsulenten har spesifisert gjennomføringa av oppdraget i bilag 2, (Konsulenten sin spesifikasjon av oppdraget).

Omfanget og gjennomføringa av oppdraget er nærare beskrive i dei bilaga som nedanfor er inkludert i Avtalen.

Med Avtalen er meint denne generelle avtaleteksten med bilag.

1.2 BILAG TIL AVTALEN

Alle rubrikkar skal vere kryssa av (Ja eller Nei)	Ja	Nei
Bilag 1: Kunden si beskriving av oppdraget <i>Skal fyllast ut av Kunden.</i>	x	
Bilag 2: Konsulenten sin spesifikasjon av oppdraget <i>Skal fyllast ut av Konsulenten.</i>	x	
Bilag 3: Prosjekt- og framdriftsplan <i>Skal fyllast ut av Konsulenten basert på dei overordna føringane Kunden har gitt.</i>	x	
Bilag 4: Administrative føresegner <i>Administrative føresegner og andre opplysningar som er relevante for forholdet mellom Partane. Skal fyllast ut av Konsulenten basert på dei overordna føringane Kunden har gitt i bilaget.</i>	x	
Bilag 5: Pris og prisføresegner <i>Oversikt over alle priselement knytte til gjennomføringa av denne Avtalen. Skal fyllast ut av Konsulenten basert på dei overordna føringane Kunden har gitt i bilaget.</i>	x	
Bilag 6: Endringar i den generelle avtaleteksten		x
Bilag 7: Endringar i Avtalen etter avtaleinngåinga		x

Bilag 8: Datahandsamaravtale <i>Datahandsamaravtalen mellom Leverandøren og Kunden og eventuelle andre datahandsamaravtaler.</i>		x
Andre bilag:		x

1.3 TOLKING – RANGORDNING

Endringer til den generelle avtaleteksten skal samlast i bilag 6, med mindre den generelle avtaleteksten tilviser slike endringer til eit anna bilag. Følgjande tolkingsprinsipp skal leggjast til grunn:

1. Den generelle avtaleteksten går føre bilaga.
2. Bilag 1 går føre dei andre bilaga.
3. I den utstrekning det går klart og utvitydig fram kva for eit punkt eller kva for nokre punkt som er endra, erstatta eller gjort tillegg til, skal følgjande prinsipp gjelde:
 - a) Bilag 2 går føre bilag 1.
 - b) Bilag 6 går føre den generelle avtaleteksten.
 - c) Dersom den generelle avtaleteksten tilviser endringer til eit anna bilag enn bilag 6, går slike endringer føre den generelle avtaleteksten.
 - d) Bilag 7 går føre dei andre bilaga.
4. Bilag 8, Datahandsamaravtalen, går føre den generelle avtaleteksten og dei andre bilaga når det gjeld føresegner knytte klart og utvitydig til regulering av personvern.

2. GJENNOMFØRING AV AVTALEN

2.1 PARTANE SINE REPRESENTANTAR

Kvar av Partane skal ved inngåinga av Avtalen oppnemne ein representant som har fullmakt til å opptre på vegner av Partane i saker som gjeld Avtalen. Representanten som har fullmakt for Partane, og prosedyrar og varslingsfristar for eventuell utskifting av desse skal spesifiserast nærare i bilag 4.

2.2 MØTE

Dersom ein Part finn det nødvendig, kan Parten med frist på minst 3 (tre) yrkedagar kalle inn til møte med den andre Parten for å drøfte avtaleforholdet og måten avtaleforholdet blir gjennomført på.

Annan frist og rutinar for møta kan avtalast i bilag 4.

2.3 RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON

Begge Partar skal sørge for forsvarleg kommunikasjon, oppbevaring og tryggleikskopiering av dokument og anna materiale av betydning for Oppdraget uansett form, medrekna e-post og anna elektronisk lagra materiale.

Konsulenten har risikoen og ansvaret for alt materiale uansett form, som blir skadd eller øydelagd mens det er under Konsulenten sin kontroll.

2.4 SKRIFTLEGHEIT

Alle varsel, krav eller andre meldingar knytte til denne Avtalen skal givast skriftleg til den postadressa eller e-postadressa som er oppgitt i bilag 4 i Avtalen for den aktuelle typen førespurnad.

2.5 FRAMDRIFTSPLAN OG LEVERINGSDAG

Konsulenten skal utføre oppdraget i samsvar med framdriftsplanen i bilag 3.

Omfattar Oppdraget fleire leveransar eller delleveransar, skal det i bilag 3 opplysast om leveringsdag for den enkelte leveransen.

3. ENDRINGAR ETTER AVTALEINNGÅING

Dersom Kunden etter at Avtalen er inngått, har behov for å endre krava til oppdraget eller andre føresetnader for avtalen på ein slik måte at karakteren eller omfanget av oppdraget blir annleis enn avtalt, kan Kunden be om endringsavtale.

Konsulenten kan krevje justeringar i vederlag eller tidsplanar dersom Konsulenten sannsynleggjer eit grunnlag for slike justeringar. Krav om justert vederlag eller tidsplan må setjast fram seinast samtidig med svar frå Konsulenten på spørsmålet frå Kunden om endringsavtale.

Endringar av eller tillegg til det avtalte oppdraget skal avtalast skriftleg. Konsulenten skal i bilag 7 føre ein fortløpande katalog over slike endringar. Konsulenten skal utan ugrunna opphald sende Kunden ein oppdatert kopi.

Kunden kan krevje at oppdraget blir redusert eller auka inntil tilsvarande 20 (tjue) prosent av vederlaget for heile oppdraget. Prisen skal i så fall endres tilsvarende reduksjonen eller økningen. Konsulenten kan ikke kreve kompensasjon for slik eventuell reduksjon.

Konsulenten kan seie opp Avtalen med 30 (tretti) dagars varsel, dersom Kunden reduserer eller aukar innhaldet eller omfanget av oppdraget med meir enn 20 (tjue) prosent.

4. VARIGHEIT, AVBESTILLING OG MELLOMBELS STANS

4.1 VARIGHEIT

Arbeidet skal byrjast på og avsluttast i samsvar med framdriftsplanen i bilag 3.

4.2 AVBESTILLING

Oppdraget kan heilt eller delvis avbestillast av Kunden med 30 (tretti) dagars skriftleg varsel.

Ved avbestilling før oppdraget er fullført, skal Kunden betale:

1. det beløpet Konsulenten har til gode for arbeid som alt er utført
2. Konsulenten sine dokumenterte meirkostnader knytte til omdisponering av personell
3. andre direkte kostnader som Konsulenten blir påført som følgje av avbestillinga
4. eit gebyr på 4 (fire) prosent av avtalt vederlag for heile oppdraget

Anna avbestillingsgebyr kan avtalast i bilag 5.

4.3 MELLOMBELS STANS

Kunden kan med minimum 5 (fem) dagars skriftleg varsel krevje at gjennomføringa av oppdraget blir stansa mellombels. Det skal opplysast når oppdraget skal stansast og når det er planlagt teke opp att.

Ved mellombels stans skal Kunden erstatte:

1. Konsulenten sine dokumenterte kostnader knytte til omdisponering av personell
2. andre direkte kostnader som Konsulenten blir påført som følgje av stansinga

Dersom gjennomføringa av oppdraget har vore stansa samanhengande i meir enn 120 (eitthundreogtjue) dagar, kan Konsulenten med skriftleg varsel til Kunden seie opp Avtalen. Dersom Kunden ikkje innan 14 (fjorten) dagar etter at varselet er motteke, gjev skriftleg melding om at oppdraget skal takast opp att, gjeld føresegna om avbestilling i punkt 4.2 tilsvarende.

5. PARTANE SINE PLIKTER

5.1 OVERORDNA ANSVAR

5.1.1 Answaret og kompetansen til Konsulenten

Konsulenten skal gjennomføre oppdraget i samsvar med denne Avtalen, på ein fagleg forsvarleg og profesjonell måte, og i samsvar med anerkjende metodar og standardar.

Konsulenten skal nytte dei standardane og/eller metodane eller liknande som Kunden eventuelt har spesifisert i bilag 1.

Kunden skal givast høve til å kontrollere og etterprøve Konsulenten sitt arbeid, og at oppgitte standardar/metodar blir følgde.

Konsulenten skal lojalt samarbeide med Kunden, og sikre Kunden sine interesser.

Førespurnader frå Kunden skal svarast på utan ugrunna opphald.

Konsulenten skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Konsulenten forstår eller bør forstå at kan få betydning for gjennomføring av oppdraget, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

5.1.2 Kunden sitt ansvar for tilrettelegging og medverknad

Kunden skal lojalt medverke til gjennomføring av oppdraget.

Førespurnader frå Konsulenten skal svarast på utan ugrunna opphald.

Kunden skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Kunden forstår eller bør forstå at kan få betydning for gjennomføring av oppdraget, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

5.2 BRUK AV UNDERLEVERANDØRAR OG TREDJEPARTAR

5.2.1 Konsulenten sin bruk av underleverandørar

Bruker Konsulenten underleverandør som medverkar direkte til oppdraget, er Konsulenten fullt ut ansvarleg for utføringa av underleverandøren sine oppgåver på same måte som om Konsulenten sjølv stod for utføringa.

Konsulenten sine underleverandørar som er godkjende av Kunden, går fram av bilag 4.

Leverandøren kan ikkje skifte ut underleverandørar som medverkar direkte til levering av oppdraget, utan skriftleg førehandssamtykke frå Kunden, med mindre anna er avtalt i bilag 4.

Kunden kan ikkje nekte utskifting utan sakleg grunn.

5.2.2 Kunden sin bruk av tredjepart

Kunden kan fritt engasjere tredjepart til å hjelpe seg i samband med oppgåvene sine under utføringa av oppdraget. Kunden er fullt ansvarleg for utføringa av tredjeparten sine oppgåver på same måte som om Kunden sjølv stod for utføringa.

Kunden sine tredjepartar går fram av bilag 4. Konsulenten skal varslast dersom Kunden skiftar ut eller vel nye tredjepartar.

Konsulenten pliktar å samarbeide med Kunden sine tredjepartar i den grad Kunden finn dette nødvendig for utføringa av oppdraget.

Konsulenten er friteken for slike plikter dersom han sannsynleggjer at slikt samarbeid vil innebere ei vesentleg ulempe for dei eksisterande underleverandørane hans eller andre forretningssamband eller kan påvise at dette medfører vesentleg forretningsmessig ulempe for Konsulenten. Dette gjeld likevel berre slike tredjepartar som ikkje går fram av bilag 4 på tilbodstidspunktet.

5.3 NØKKELPERSONELL

Konsulenten sitt nøkkelpersonell i samband med utføringa av oppdraget skal gå fram av bilag 4.

Skifte av nøkkelpersonell hos Konsulenten skal godkjennast av Kunden. Godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Ved byte av personell som skriv seg frå forhold hjå Konsulenten, ber Konsulenten kostnadene ved kompetanseoverføring til nytt personell.

5.4 TEIEPLIKT

Informasjon som Partane blir kjent med i samband med Avtalen og gjennomføringa av Avtalen, skal handsamast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre Parten med mindre der ikkje er ei rettkomen interesse som tilseier at informasjonen skal haldast hemmeleg. Som utanforståande reknar ein alle som ikkje har sakleg behov for tilgang til informasjonen for å utføre oppgåvene sine i samsvar med Avtalen.

Dersom Kunden er ei offentlig verksemd, er teieplikta til Kunden etter denne føresegna ikkje meir omfattande enn det som følgjer av lov 10. februar 1967 om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltingslova) eller tilsvarande sektorspesifikk regulering.

Teieplikt etter denne føresegna grip ikkje inn i lovbestemt innsynsrett.

Teieplikta gjeld Partane sine tilsette, underleverandørar og andre partar som handlar på Partane sine vegner eller medverkar i samband med gjennomføring av Avtalen.

Teieplikta opphøyrer fem (5) år etter at Avtalen opphøyrer, med mindre anna er avtalt i bilag 4, eller følgjer av lov eller forskrift.

5.5 LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR

5.5.1 Generelt

For avtalar som er omfatta av forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter, gjeld følgjande:

1. Leverandøren skal på område dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale sørge for at egne og eventuelle underleverandører sine tilsette som direkte medverkar til å oppfylle Konsulentens sine forpliktingar under denne Avtalen, ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av forskrifta som allmenngjer tariffavtalen.
2. På område som ikkje er dekte av allmenngjort tariffavtale, skal Konsulenten sørge for at dei same tilsette ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen.

Dette gjeld for arbeid utført i Noreg.

Alle avtalar Konsulenten inngår, og som inneber utføring av arbeid som direkte medverkar til å oppfylle Konsulentens sine forpliktingar under denne Avtalen, skal innehalde tilsvarande vilkår.

5.5.2 Dokumentasjon

Konsulenten skal på førespurnad frå Kunden leggje fram dokumentasjon om dei lønns- og arbeidsvilkåra som blir brukte. Kunden og Konsulenten kan kvar for seg krevje at opplysningane skal leggjast fram for ein uavhengig tredjepart som Konsulenten har gitt i oppdrag å undersøkje om krava i denne føresegna er oppfylt. Konsulenten kan krevje at tredjeparten skal ha underteikna ei erklæring om at opplysningane ikkje vil bli brukte for andre føremål enn å sikre oppfylting av Konsulentens si forplikting etter denne føresegna. Dokumentasjonsplikta gjeld òg for underleverandører.

Konsulenten pliktar på skriftleg førespurnad med ein rimeleg frist å dokumentere lønns- og arbeidsvilkåra for egne arbeidstakarar, arbeidstakarar hos eventuelle underleverandører (medrekna innleigde) som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten.

Ved brot på dokumentasjonsplikta har oppdragsgjevar rett til å ileggje ei dagbot som ikkje skal vere mindre enn kr 1500 per dag. Høgare dagbot kan avtalast i bilag 4.

5.5.3 Manglande oppfylting

Ved brot på krava til lønns- og arbeidsvilkår, skal Konsulenten rette forholdet. Der brotet har skjedd hos ein underleverandør (medrekna bemanningsselskap) er rettingsplikta avgrensa til krav som er fremja skriftleg innan tre månader etter forfallsdato for lønna, både for krav som følgjer av allmenngjort tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkår og avgrensingar som følgjer av lov om allmenngjøring av tariffavtaler mv. av 4. juni 1993 § 13 skal gjelde i begge desse tilfella.

Dersom Konsulentten ikkje oppfyller denne forpliktinga, har Kunden rett til å halde tilbake delar av kontraktssummen, tilsvarende 2 (to) gonger innsparinga for Konsulentten. Tilbakehaldsretten opphøyrer så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert.

Oppfylling av Konsulentten sine forpliktingar som nemnde ovanfor skal dokumenterast i bilag 6. Dersom dokumentasjonen er lagd fram for ein uavhengig tredjepart, kan ei erklæring frå tredjeparten akseptast som dokumentasjon om at det er samsvar mellom aktuell tariffavtale og faktiske lønns- og arbeidsvilkår for oppfylling av Konsulentten og eventuelle underleverandørar sine forpliktingar.

Nærare presiseringar om gjennomføring av dette punkt 5.5 kan avtalast i bilag 6.

6. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR

6.1 VEDERLAG

Vederlag og betalingsvilkår går fram av bilag 5. Med mindre anna er spesifisert i bilag 5, er alle prisar oppgitt eksklusive merverdiavgift. Alle prisar er i norske kroner.

Utlegg, medrekna reise- og diettkostnader, blir berre dekte i den grad dei er avtalte. Dersom reise- og diettkostnader er avtalt dekte, skal dette spesifiserast særskilt, og dekkjast etter statens gjeldande satsar dersom ikkje anna er avtalt. Reisetid blir berre fakturert dersom det er avtalt i bilag 5.

6.2 FAKTURERING

Vederlag og utlegg skal fakturerast til dei tidene som går fram av bilag 5. Vederlag basert på løpande timar skal fakturerast etterskotsvis per månad dersom ikkje anna er avtalt i bilag 5. I så fall skal fakturert beløp gjelde den tida som er gått med fram til faktureringstidspunktet, og eventuell dekning av utgifter komne på i same tidsrom.

Betaling skal skje etter faktura per 30 (tretti) dagar. Fakturaene frå Konsulentten skal spesifiserast og dokumenterast slik at dei kan kontrollerast av Kunden. Alle fakturaer for løpande timar skal vere vedlagt detaljert spesifikasjon av påkomne timar. Utlegg og andre utgifter skal spesifiserast særskilt.

Dersom Kunden er ei offentlig verksemd, er det eit krav at Konsulentten bruker elektronisk faktura i godkjent standardformat i samsvar med forskrift av 2. april 2019 om elektronisk faktura i offentlige anskaffelser.

Dersom Konsulentten ikkje etterkjem krav om bruk av elektronisk faktura, kan Kunden halde tilbake betaling inntil elektronisk faktura i godkjent standardformat blir levert.

Kunden skal utan unøddig opphald gi melding om dette. Dersom slik melding er gitt, går betalingsfristen frå tidspunktet elektronisk faktura i godkjent standardformat er levert.

Inneheld faktura eller fakturagrunnlag opplysningar som er underlagde lovbestemt teieplikt, og det vil vere fare for avsløring av slike opplysningar, kan krav om elektronisk faktura fråvikast, med mindre det finst tilfredsstillande tekniske sikringsløyser som sørgjer for konfidensialitet.

Konsulenten må sjølv bere eventuelle kostnader knytte til elektronisk faktura.

Betalingsplan og andre betalingsvilkår går fram av bilag 5.

6.3 FORSEINKINGSRENTE

Dersom Kunden ikkje betaler til avtalt tid, har Konsulenten krav på rente av det beløpet som er forfalle til betaling, i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (forseinkingsrentelova).

6.4 BETALINGSMISLEGHALD

Dersom forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter ikkje er betalt innan 30 (tretti) dagar frå forfall, kan Konsulenten sende skriftleg varsel til Kunden om at Avtalen vil bli heva, dersom oppgjer ikkje er skjedd innan 60 (seksti) dagar etter at varselet er teke imot.

Heving kan ikkje skje dersom Kunden gir opp forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter innan fristen går ut.

6.5 PRISENDRING

Prisene kan endrast i den utstrekning reglane for offentlege avgifter blir endra med verknad for vederlaget eller kostnadene til Konsulenten. Konsulenten må fremje og dokumentere kravet skriftleg.

Timeprisen kan endrast kvart årsskifte, avgrensa oppover til eit beløp som svarer til auken i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks (totalindeksen), første gong med utgangspunkt i indeksen for den månaden Avtalen vart inngått, med mindre annan indeks er avtalt i bilag 5.

Eventuelle andre føresegner om prisendringar går fram av bilag 5.

7. INFORMASJONSTRYGGLEIK OG PERSONVERN

7.1 INFORMASJONSTRYGGLEIK

Konsulenten skal setje i verk forholdsmessige tiltak for å vareta krav til informasjonstryggleik i samband med gjennomføring av Oppdraget.

Dette inneber at Konsulenten skal setje i verk forholdsmessige tiltak for å sikre konfidensialitet med omsyn til Kunden sine data og tiltak for å sikre at data ikkje kjem på avvegar. Vidare skal Konsulenten setje i verk forholdsmessige tiltak mot utilsikta endring og sletting av data og mot angrep av virus og anna skadevaldande programvare.

Dersom Kunden har nærare krav til korleis informasjonstryggleiken skal sikrast frå Leverandøren si side, skal Kunden spesifisere dette i bilag 1.

7.2 PERSONOPPLYSNINGAR

7.2.1 Plikt til å inngå datahandsamaravtale

Handsamar Konsulenten personopplysningar på vegner av Kunden, pliktar Kunden og Konsulenten å inngå ein datahandsamaravtale i samsvar med lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysningar (personopplysningslova) og eventuell sektorspesifikk personvernlovgiving som er relevant for verksemda til Kunden.

Datahandsamaravtale er lagd ved som bilag 8.

Ein datahandsamaravtale må vere inngått før handsamlinga av personopplysningar kan påbyrjast.

7.2.2 Andre plikter knytte til handsamling av personopplysningar

Personopplysningar som blir handsama under denne Avtalen, kan ikkje overlatast til andre for lagring, tilarbeiding eller sletting utan at det på førehand er henta inn særleg eller generelt skriftleg løyve til dette frå Kunden.

Konsulenten skal sørgje for at eventuelle underleverandørar som Konsulenten bruker, og som handsamar personopplysningar, tek på seg tilsvarende forpliktingar som i dette punktet.

Personopplysningar skal ikkje overførast til land utanfor EU/EØS-området utan rettsleg overføringsgrunnlag og dokumentasjon som påviser at vilkåra for å ta i bruk overføringsgrunnlaget, er oppfylte. Konsulenten skal i eit slikt tilfelle dokumentere dette i bilag 8.

7.2.3 Erstatning som følgje av brot på personvernforordninga

Partane sitt erstatningsansvar for skade som rammar den registrerte eller andre fysiske personar, og som følgjer av brot på personvernforordninga (forordning

2016/679), personopplysningslova med forskrifter eller anna regelverk som gjennomfører personvernforordninga, følgjer føresegnene i personvernforordninga artikkel 82.

Erstatningsavgrensinga i punkt 9.5.6 kjem ikkje til bruk for ansvar som følgjer av personvernforordninga artikkel 82.

Partane er kvar for seg ansvarlege for lovbrotsgebyr som er ilagde i samsvar med art. 83 i personvernforordninga.

8. OPPHAVS- OG EIENDOMSRETT

Eigedommsrett, opphavsrett og andre relevante materielle og immaterielle rettar til resultat av oppdraget tilfell Kunden når betaling er skjedd, med mindre anna er avtalt i bilag 6, med dei avgrensingane som følgjer av annan avtale eller ufråvikeleg lov.

Rettighetene omfatter også rett til endring og videreoverdragelse, jf. lov av 15. juni 2018 nr. 40 om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverkloven) § 68.

Konsulenten beholder rettighetene til egne verktøy og metodegrunnlag. Begge Partar kan også utnytte generell kunnskap (know-how) som ikkje er teiepliktig og som dei har tileigna seg i samband med oppdraget.

9. MISLEGHALD

9.1 KVA SOM BLIR REKNA SOM MISLEGHALD

9.1.1 Misleghald frå Konsulenten

Det ligg føre misleghald frå Konsulenten si side dersom oppdraget ikkje er i samsvar med dei funksjonar, krav og fristar som er avtalt. Det ligg også føre misleghald dersom Konsulenten ikkje oppfyller andre plikter etter Avtalen.

Det ligg likevel ikkje føre misleghald dersom situasjonen skriv seg frå forhold ved Kunden eller force majeure.

Kunden skal reklamere skriftleg og utan ugrunna opphald etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

9.1.2 Misleghald frå Kunden

Det ligg føre misleghald frå Kunden si side dersom Kunden ikkje oppfyller pliktene sine etter Avtalen.

Det ligg likevel ikkje føre misleghald dersom situasjonen skriv seg frå forhold hos Konsulenten eller force majeure.

Konsulenten skal reklamere skriftleg og utan ugrunna opphald etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

9.2 VARSLINGSPLIKT

Dersom ein av Partane ikkje kan oppfylle pliktene sine som avtalt, medrekna fristar, skal Parten så raskt som mogleg gi den andre Parten skriftleg varsel om dette.

Varsalet skal opplyse om årsaka til problemet, og så langt det er mogleg, opplyse om når Oppdraget kan leverast. Tilsvarande gjeld dersom det må forventast ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

Blir estimatet for timetalet for utføringa av oppdraget overskride, skal Konsulenten straks varsle Kunden skriftleg. I varselet skal Konsulenten opplyse om årsaka til overskridinga, og om estimert tid for arbeidet som står att. Eventuell prisreduksjon ved overskriding av estimat er spesifisert i bilag 5.

9.3 TILLEGGSFRIST

Konsulenten kan be om tilleggsfrist som må godkjennast skriftleg av Kunden for å kunne gjerast gjeldande. Kunden kan stille vilkår for å innvilge ein tilleggsfrist.

For den perioden tilleggsfristen går, kan ikkje Kunden gjere gjeldande dagbot, erstatning eller andre misleghaldsavgjerdar.

Tilleggsfrist har ingen verknad for Kunden sin rett til dagbot eller erstatning som er opparbeidd før tilleggsfristen.

9.4 AVHJELP AV MISLEGHALDET

9.4.1 Konsulenten si avhjelp av misleghald

Konsulenten skal påbyrje og gjennomføre arbeidet med å avhjelpe Konsulenten sitt misleghald utan ugrunna opphald. Avhjelp kan til dømes skje ved utbetring, omlevering eller tilleggslevering utan ekstra kostnad for Kunden.

9.4.2 Kunden si avhjelp av misleghald

Kunden skal starte på og gjennomføre arbeidet med å avhjelpe Kunden sitt misleghald utan ugrunna opphald.

Kunden er ansvarleg for å avhjelpe misleghaldet på ein slik måte at forhold som Kunden er ansvarleg for i samsvar med denne Avtalen, blir ført i samsvar med det som er avtalt.

9.5 SANKSJONAR VED MISLEGHALD

9.5.1 Prisavslag

Dersom det trass gjentekne forsøk ikkje har lukkast Konsulentten å avhjelpe ein mangel, kan Kunden krevje forholdsmessig prisavslag.

9.5.2 Tilbakehaldsrett

9.5.2.1 Kunden sitt tilbakehald av betaling

Ved misleghald frå Konsulentten si side kan Kunden halde betalinga tilbake, men ikkje openbert meir enn det som er nødvendig for å sikre kravet Kunden har som følgje av misleghaldet.

9.5.2.2 Avgrensing i tilbakehaldsretten til Konsulentten

Konsulentten kan ikkje halde tilbake ytingar som følgje av misleghald frå Kunden, med mindre misleghaldet er vesentleg.

9.5.3 Dagbot

9.5.3.1 Når det ligg føre grunnlag for dagbot

Det ligg føre forseinking som gir grunnlag for dagbot, dersom avtalt tidspunkt for levering, eller annan frist som Partane i bilag 3 har knytt dagbøter til, ikkje blir overhalden, og det ikkje kjem av force majeure eller forhold hos Kunden.

Dersom Konsulentten før levering er forseinka til milepålar som Partane har knytt dagbøter til, blir dei seinare fristane forskuva tilsvarande det talet på dagar dagbota har gått. Dersom Konsulentten gjennom forsering oppnår å levere ein seinare milepåle til opphavleg avtalt tid, fell eventuelle tidlegare påkomne dagbøter bort.

Dagbota går automatisk for kvar dag forseinkinga varer, men avgrensa til maksimalt 100 (hundre) dagar. Anna løpetid for dagbota kan avtalast i bilag 6.

Dersom berre ein del av det avtalte Oppdraget er forseinka, kan Konsulentten krevje ei nedsetjing av dagbota som står i forhold til høvet Kunden har til å nyttiggjere seg den delen av Oppdraget som er levert.

9.5.3.2 Berekning av dagbota

Dagbota utgjer 0,15 prosent av samla vederlag for Oppdraget (kontraktssummen) ekskl. meirverdiavgift for kvar kalenderdag forseinkinga varer.

Så lenge dagbota går, kan ikkje Kunden heve Avtalen. Denne tidsavgrensinga gjeld likevel ikkje dersom forseinkinga kjem av at Konsulentten, eller nokon denne svarer for, har gjort seg skyldig i forsett eller grov aktløyse.

Andre dagbotsatsar eller berekningsgrunnlag kan avtalast i bilag 6.

9.5.4 Heving og hevingsoppgjør

Ligg det føre vesentleg misleghald, kan den andre Parten, etter å ha gjeve den misleghaldande Parten skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve heile eller delar av Avtalen med omgåande verknad. Heving kan ikkje skje dersom den misleghaldande Parten kjem ut av misleghaldssituasjonen før fristen går ut.

Kunden kan heve heile eller delar av Avtalen med omgåande verknad dersom oppdraget er vesentleg forseinka. Vesentleg forseinking ligg føre når levering ikkje er skjedd når maksimal dagbot er nådd, eller etter utløpet av ein tilleggsfrist dersom den går ut seinare.

Dersom det som er prestert fram til hevingstidspunktet er av lita eller inga nytte for Kunden, kan Kunden i samband med heving velje å krevje tilbakebetalt vederlag for løpande timar og eventuelle utgifter som Konsulenten har motteke under Avtalen, med tillegg av renter, tilsvarande NIBOR pluss 1 (éin) prosent, frå det tidspunktet betaling er skjedd.

Kunden skal, i den utstrekning Kunden kan utnytte delar av Leveransen som føresett, betale for dei delane av Leveransen som var prestert før hevingstidspunktet med frådrag av prisavslag i samsvar med punkt 9.5.1.

9.5.5 Erstatning

Partane kan krevje å få erstatta alle direkte tap, medrekna meirkostnader ved dekningskjøp, tap som kjem av meirarbeid, og andre direkte kostnader i samband med forseinking, mangel eller anna misleghald på grunn av misleghald etter punkt 9.1, med mindre den misleghaldande Parten godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skriv seg frå den misleghaldande Parten.

Dagbøter kjem til frådrag i ei eventuell erstatning for same forseinking.

9.5.6 Erstatningsavgrensing

Partane kan ikkje krevje erstatning for indirekte tap. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt fortjeneste av all slags art, tapte innsparingar og krav frå tredjepartar med unntak av idømt erstatningsansvar for rettsmanglar.

Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til eit beløp som svarer til avtalt vederlag eller eit øvre estimat for oppdraget, eksklusive meirverdiavgift.

Desse avgrensingane gjeld likevel ikkje dersom den misleghaldande Parten eller nokon denne svarer for, har utvist grov aktløyse eller forsett.

10. ANDRE FØRESEGNER

10.1 FORSIKRINGAR

10.1.1 Kunden sine forsikringar

Dersom Kunden er ei offentleg verksemd, står Kunden som sjølvassurandør. Dersom Kunden ikkje står som sjølvassurandør, pliktar Kunden å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekkje dei krava frå Konsulenten som følgjer av Kunden sin risiko eller ansvar etter denne Avtalen innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår.

10.1.2 Konsulenten sine forsikringer

Konsulenten pliktar å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekkje alle krav frå Kunden som følgjer av Konsulenten sin risiko eller ansvar etter denne Avtalen innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår. Denne forpliktinga blir rekna som oppfylt dersom Konsulenten teiknar ansvars- og risikoforsikring på vilkår som blir rekna som ordinære innanfor norsk forsikringsverksemd.

10.2 OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTER

10.2.1 Kunden si overdraging

Er Kunden ei offentleg verksemd, kan Kunden overdra rettane og pliktene sine etter denne Avtalen til anna offentleg verksemd eller annan juridisk person som er eigd fullt ut av offentleg eller kommunal verksemd.

Dersom Kunden ikkje er ei offentleg verksemd, kan Kunden overdra rettane og pliktene sine etter denne Avtalen til eit dotterselskap eller anna selskap i same konsern, men Kunden er solidarisk ansvarleg for betalingsforpliktinga med mindre Konsulenten har samtykt til overdraginga. For overdraging til andre verksemder enn dei som er nemnde i første og andre setning, krevst det samtykke frå Konsulenten. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Den verksemda som får rettार og plikter overdregne, har krav på tilsvarande vilkår, så framt rettane og pliktene i Avtalen blir overdregne samla.

10.2.2 Overdraging frå Konsulenten

Konsulenten kan berre overdra rettane og pliktene sine etter Avtalen med skriftleg samtykke frå Kunden. Dette gjeld òg dersom Konsulenten blir delt i fleire selskap, eller dersom overdraginga skjer til eit dotterselskap eller anna selskap i same konsern, men ikkje dersom Konsulenten blir slegen saman med eit anna selskap. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Retten til overdraging i avsnittet over gjeld berre dersom den nye Konsulenten oppfyller de opphavlege kvalifikasjonskrava, det ikkje blir gjort andre vesentlege endringar i kontrakten, og overdraging ikkje skjer for å omgå regelverket om offentlege anskaffingar.

Retten til vederlag etter denne Avtalen kan fritt overdragast. Slik overdraging fritek ikkje vedkomande Part frå forpliktingane og ansvaret hans.

10.3 KONKURS, AKKORD E.L.

Dersom det i samband med verksemda til Konsulenten blir opna gjeldsforhandlingar, akkord eller konkurs, eller anna form for kreditorstyring gjer seg gjeldande, har Kunden rett til å heve Avtalen med omgåande verknad, så framt ikkje anna følgjer av ufråvikeleg lov.

10.4 FORCE MAJEURE

Skulle det inntreffe ein ekstraordinær situasjon som ligg utanfor Partane sin kontroll som gjer det uråd eller uforholdsmessig vanskeleg å oppfylle plikter etter denne Avtalen, og som etter norsk rett må reknast som force majeure, skal motparten varslast om dette så raskt som mogleg. Den ramma Parten sine forpliktingar blir suspenderte så lenge den ekstraordinære situasjonen varer. Motytingane frå den andre Parten blir suspenderte i same tidsrom.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre avslutte Avtalen med samtykke frå den ramma Parten, eller dersom situasjonen varer eller er venta å ville vare lenger enn 90 (nitti) dagar rekna frå det tidspunktet situasjonen oppstår, og då berre med 15 (femten) dagars varsel.

I samband med force majeure-situasjonar har Partane gjensidig informasjonsplikt overfor kvarandre om alle forhold som må ventast å vere viktige for den andre Parten. Slik informasjon skal givast så raskt som mogleg.

11. TVISTAR

11.1 FORHANDLINGAR

Oppstår ein tvist mellom Partane om tolkinga eller rettsverknadene av Avtalen, skal tvisten først søkjast løyst gjennom forhandlingar.

11.2 MEKLING

Dersom ein tvist i tilknyting til denne Avtalen ikkje blir løyst etter forhandlingar, kan Partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Den nærare framgangsmåten for mekling blir fastsett av meklaren, i samråd med Partane.

11.3 LOVVAL OG VERNETING

Partane sine rettar og plikter etter denne Avtalen blir i heilskap fastsette av norsk rett.

Dersom ein tvist ikkje blir løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av Partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Verneting er ved Kunden si forretningsadresse.

Partane kan alternativt avtale at tvisten blir avgjort med endeleg verknad ved skilssdom.



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3008
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Grunneigarane på Tokheim/Bygda
v/Robert Tokheim

Saksbehandlar Henriette Bye

Vår ref. 2025/13414-2 432.3

Dykkar ref.

Dato 01.09.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	27/2025
----------------	---------

Løyve til helikopterflyging for uttransport av felt storvilt - Tokheim - Buer LVO og Folgefonna NP - Ullensvang

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:


Grunneigarane på Tokheim/Bygda får løyve til uttransport av felt storvilt med helikopter i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i § 4 i Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde og § 3 i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, og gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 01.09.2025 til 30.11.2025
 - Løyvet gjeld for uttransport av felt storvilt
 - Løyvet gjeld for éin tur i omtrentleg markert område (sjå kart i saka)
 - Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
 - Løyvet gjeld ikkje persontransport
 - Løyvet gjeld ikkje for landing innanfor verneområdet
 - Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117
 - Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turen. Turen skal førast i køyreboka før transporten begynner
 - Køyreboka skal følgje med under transporten
 - Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 30. desember 2025
- Merk med referanse: 2025/13414. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

Søknaden

Grunneigarane på Tokheim/Bygda v/Robert Tokheim søker om løyve til motorisert ferdsel med helikopter for uttrasport av felt hjort ved Ruklenuten i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark (figur 1). Søkjar informere om at dei tidlegare har fått løyve frå kommunen for å frakte ut felt storvilt. Dei har likevel ikkje nytta seg av løyvet, då dei heller har bore viltet ut.



Figur 1. Omtrentleg avgrensing for flyging med helikopter

Verneforskrift og verneformål

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark opnar for motorferdsel for uttransport av felt storvilt i § 3 punkt 6.3 bokstav e. Verneforskrifta for Buer landskapsvernområde opnar ikkje for dette. Forvaltningsplanen konstaterer likevel at dette er en feil, og at rettelinene for uttransport av storvilt er dei same som for dei andre landskapsvernområda rundt Folgefonna. Eit eventuelt løyve må for Buer LVO gjevast gjennom § 4 i verneforskrifta, som opnar for å gje dispensasjon når tiltaket ikkje er i strid med verneformålet.

I forvaltningsplanen for Folgefonna og verneområda rundt står det at «*Bruk av helikopter til transport av felt vilt er lite ynskjeleg i landskapsvern-området. [...]*», og «*Bruk av helikopter vert rekna som nødvendig berre dersom det ikkje finst andre løysingar for uttransport av felt vilt, og dersom det etter samla vurdering er mindre skadeleg for miljøet enn alternativ transport.*» Det skal førast ein restriktiv praksis for når det kan gjevast løyve og ikkje.

Vurdering

Bruk av helikopter til uttransport av felt storvilt er ikkje ynskja etter forvaltningsplanen. Det er likevel opna for å gje løyve dersom det ikkje er andre moglegheiter for uttransport.



Det er ikkje andre moglegheiter for uttransport av felt storvilt enn til fots eller med helikopter innanfor området det søkjast i. Søkjar har som intensjon å berre nytte løyvet dersom det ikkje er mogleg å bere viltet ut. Dette er i tråd med retningslinene i forvaltingsplanen.

Det er ikkje gjort registreringar av arter (artskart) eller naturtypar (naturbase) som flyginga kan vere negativ for.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Henriette Bye
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Ullensvang kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Opheimsgt. 31

5750

ODDA



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnssenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3008
sfvlpst@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Universitetet i Bergen
v/Håvard Gjesdal

Saksbehandlar Henriette Bye

Vår ref. 2025/13791-3 432.3

Dykkar ref.

Dato 04.09.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	29/2025
----------------	---------

Delegert vedtak - Droneflyging i Folgefonna NP - kartleggingsarbeid av kvartærgeologi UiB - Ullensvang

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak


Håvard Gjesdal får løyve til å fly med drone inne i Folgefonna nasjonalpark for å filme forskingsmateriale til sin masteroppgåve ved Universitetet i Bergen. Løyvet gjeld for inntil fem turar og totalt 2 timar flygetid inne i nasjonalparken ved Kvirvelivatnet.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd, og gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet mellom 8. september og 31. oktober 2025.
- Det skal ikkje flygast på sundagar, og så godt det lar seg gjere, ikkje på laurdagar.
- Flykinga skal haldast innanfor det området det er søkt om.
- Av omsyn til friluftslivet skal det ikkje flykast på dagar med mange besøkande.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved flyking skal ein straks sette dronen på bakken.
- Ved flyking skal løyvet bringast med. Besøkande skal informerast om at ein flyg med løyve frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Det skal kome klart fram ved framvising av materialet at det er eit verna område, og at flykinga er utført med løyve.
- Rapport over utført flyking skal sendast til folgefonna@statsforvalteren.no med referanse 2025/13791 innan 30.11.2025.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå grunneigar og for at aktiviteten er i tråd med FOR-2015-11-30-1404 *Forskrift om luftfartøy som ikkje har fører om bord mv.*

Søknaden

Håvard Gjesdal søker om å fly med drone i Folgefonna nasjonalpark i samband med sin masteroppgåve ved UiB. Fykinga skal utførast for å kartlegg dreneringsfeltet til Kvirvelivatnet. Søkjjar har tidlegare fått løyve til å ta ut sedimentprøver frå Kvirvelivatnet til same masteroppgåve. Dataa frå undersøkingane skal nyttast til å rekonstruere korleis breen har bevega seg og endra seg tilbake i tid ned mot vatnet. Fykinga skal utførast innanfor ein periode på 5-10 dagar mellom 8. september og 31. oktober. Nøyaktig tidspunkt vil vere avhengig av vêrtilhøva.



Figur 1. Kartet synar området det er søkt om å fly drone. Kjelde: Søknad om droneflyging.

Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal òg vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Bruk av drone er i utgangspunktet forbode i Folgefonna nasjonalpark. Det går fram av verneforskrifta for Folgefonna § 3, punkt 7.2 om støy:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell òg bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dispensasjon til droneflyging gjennom verneforskrifta og saka må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova. Paragrafen seier at nasjonalparkstyret «*kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje*



strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.»

Dersom ein kan vise til at aktiviteten ikkje strid med verneføremål eller påverkar verneverdiane nemnande, kan ein gje løyve til aktiviteten. Føremålet med vernet av Folgefonna, § 2 i verneforskrifta, vil då vere førande:

Formålet med nasjonalparken er å:

- *ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og*
- *variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre*
- *ta vare på verdfull vassdragsnatur*
- *sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar*
- *sikre viktige geologiske førekomstar*
- *sikre verdfulle kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Vi kan ikkje sjå at bruk av ei mindre drone, i eit avgrensa tidsrom, er i strid med verneføremålet. Ein skal likevel ta med seg at «*Ålmenta skal ha høve til naturoppleving [...]»*, og ein må difor passe på å ikkje opne for aktivitet som kan redusere opplevinga i nemnande grad.

I tidsrommet det er søkt om å fyke, og ved vatnet og det omkringliggjande landskapet, kan vi ikkje sjå at det er andre verneverdiar som vil bli påverka av aktiviteten. Vi kan difor slå fast at dispensasjonsheimelen i nml § 48 første ledd kan nyttast.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for å ha løyve og godkjenningar frå kommune, grunneigar og luftfartsmyndigheiter i den grad det er naudsynt.

Folgefonna nasjonalparkstyre har i styrevedtak ST 3/17 delegert vedtaksmynde i kurante saker der forvaltar til dømes kan støtte seg på retningslinjer som tidlegare er vedtekne av styret.

Vurdering

Sjølv om vi no har slått fast at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve gjennom nml § 48, so skal det framleis gjerast ei fagleg og skjønsmessig vurdering kor vidt det er tilrådeleg å gje løyve. Mellom anna må ein sjå til dei retningslinjer og forvaltningspraksis som forvaltninga har lagt til grunn tidlegare. Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i 2018 retningslinjer for handsaming av dronesøknader. Der er det ei matrise som legg føringar for vurdering av ulike type søknader (tabell 1).



Tabell 1. Del av matrise henta frå retningslinjer for handsaming av dronesaker.

Type søknad	Løyve?	Vilkår ved ja / grunnngjeving på avslag
Forsking, naturdokumentasjon	Ja, med vilkår	Styre unna sårbare område på sårbare årstider Ikkje forstyrre friluftslivet

Denne saka vert kategorisert som «Forsking, naturdokumentasjon» og retningslinjene frå styret seier at dette er ein type søknad som vanlegvis får løyve.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8.

Det er gjort fleire registreringar av rovfugl og ramn i området det er søkt om (artskart). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på dronar, særleg når dei dannar territorium rundt hekketida. Det er lite truleg at fykinga vil ha negative følgjer innanfor tidsrommet det er søkt om. For å unngå skade på fugl og forstyrring skal dronen likevel setjast på bakken med ein gong ein ser slik fugl i nærleiken. Det er ikkje registrert nokre naturtypar i nærleiken av området som kan ta skade av fykinga (naturbase).

Ein bør so godt som råd unngå å forstyrre friluftsbukarar i området, til dømes gjennom å unngå tidspunkt med mykje utfart og ved å halde avstand til turfolk. Eit tiltak for å unngå forstyrring er å avgrense mesteparten av fykinga til kvardagar. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til spesifikke føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Det er relativt få dronesaker i Folgefonna nasjonalpark. Omfanget av motorferdsel generelt er lågt. I tillegg er denne saka i tråd med vedtekne retningslinjer og vil difor ikkje skapa nokon ny presedens. Samla belastning (jamfør nml § 10) er difor innanfor det akseptable. Etter nml § 12 kan ein sette krav om at mest skånsame metode og lokalisering skal brukast. Her kan vi vise til at bruk av drone er vesentleg meir skånsam enn bruk av helikopter. Kravet i nml § 12 er difor oppfylt. Nml §§ 9 og 11 ikkje relevante i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Med helsing

Henriette Bye
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Opheimsgt. 31

5750

ODDA



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3008
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Odda/Ullensvang turlag v/Håvard Apold

Saksbehandlar Henriette Bye

Vår ref. 2025/13954-2 432.3

Dykkar ref.

Dato 09.09.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	30/2025
----------------	---------

Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Tokheimsnuten - Odda/Ullensvang turlag - Folgefonna

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 bokstav d, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for flyging med to landingar i tidsrommet 9. til 30. september 2025.
- Løyvet gjeld for transport av utstyr og materiell til merking av stiar
- Løyvet gjeld frå Eitrheim til Tokheimsnuten.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagdar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117.
- Det skal førast køyrebok som synar dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. oktober**. Merk med referanse: 2025/13954. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.



Søknaden

Odda/Ullensvang turlag søker om å utføre motorferdsel med helikopter for å fly opp utstyr og materiale for merking og oppsetting av nye skilt på sti til Tokheimsnuten. Dei skal mellom anna bore ned solide merkepinnar i bakken. Arbeidet skal utførast av stigruppa til Odda/Ullensvang turlag. Dei søker om å utføre to landingar i verneområdet.

Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter verneforskrifta og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal òg vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsel etter § 3 pkt. 6.1. Det er opning i verneforskrifta for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til merking av sti gjennom § 3 punkt 6.3 bokstav d.

Verneforskrifta opnar for å utføre vedlikehald og merking av eksisterande stiar, jf. § 3 punkt 1.2 bokstav c. Føresetnaden er at merkinga er i samsvar med forvaltningsplanen. Retningslinene i forvaltningsplanen sett mellom anna krav til bruk av naturmateriale, merking etter lokal tradisjon, og merking etter DNT-standarden (vedlegg 1 i forvaltningsplanen).

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med merking av stiar, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal då gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 08.09.2025).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrring av dyreliv og konflikstar med friluftslivet.



Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagrar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Henriette Bye
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Opheimsgt. 31

5750

ODDA



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnssenteret
Skålafljæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3008
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Odda/Ullensvang turlag v/Håvard Apold

Saksbehandler Henriette Bye

Vår ref. 2025/13955-2 432.3

Dykkar ref.

Dato 09.09.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	31/2025
----------------	---------

Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Isvatnet - Odda/Ullensvang turlag - Folgefonna

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 bokstav d, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for flyging med to landingar i tidsrommet 9. til 30. september 2025.
- Løyvet gjeld for transport av utstyr og materiell til merking av stiar
- Løyvet gjeld frå Eitrheim til Isvatnet.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdag
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117.
- Det skal førast køyrebok som synar dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. oktober**. Merk med referanse: 2025/13955. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.



Søknaden

Odda/Ullensvang turlag søker om å utføre motorferdsel med helikopter for å fly opp utstyr og materiale for merking og oppsetting av nye skilt der dei skal bore ned solide merkepinnar i bakken. Arbeidet skal utførast på sti frå andre kvilebu og vidare til Holmaskjer. Dei søker om to landingar i samband med arbeidet.

Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter verneforskrifta og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal òg vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsel etter § 3 pkt. 6.1. Det er opning i verneforskrifta for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til merking av sti gjennom § 3 punkt 6.3 bokstav d.

Verneforskrifta opnar for å utføre vedlikehald og merking av eksisterande stiar, jf. § 3 punkt 1.2 bokstav c. Føresetnaden er at merkinga er i samsvar med forvaltningsplanen. Retningslinene i forvaltningsplanen sett mellom anna krav til bruk av naturmateriale, merking etter lokal tradisjon, og merking etter DNT-standarden (vedlegg 1 i forvaltningsplanen).

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med merking av stiar, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal då gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 08.09.2025).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.



Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagrar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Henriette Bye
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Opheimsgt. 31

5750

ODDA



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2135
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Einar Riise
Sandvin 24
5750 Odda

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2025/7660-3 432.3

Dykkar ref.

Dato 14.10.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	34/2025
-----------------------	----------------

Utvida løyve - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Vierdal - materiale til støslbu - Einar Riise

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Einar Riise løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 26.05-30.11.2025
- Løyvet gjeld for transport av utstyr og materiell
- Løyvet gjeld for inntil ti turar med helikopter frå Sandvin til Vierdal
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2025/7660. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

Dokument i saka

Så saksutgreiing i sak 12/2025 vedlagt.



Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Løyve til helikopterflyving i Folgefonna nasjonalpark - Vierdal
- 2 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

SNO Rosendal

Statsforvaltaren i Vestland, miljøavdelinga

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnssenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2135
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Jarle Larsen

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2025/14905-2

Dykkar ref.

Dato 23.09.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	
-----------------------	--

Løyve - Motorferdsel med helikopter for å hente sau i skårfeste ved Møsevatnet i Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Kvinnherad Raude Kross løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Løyvet gjeld i tidsrommet 24.09.2025
- Løyvet gjeld for henting av sau i skårfeste
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2025/14905. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.



Søknad

Jarle Larsen søker på vegne av Kvinnherad raude kross sitt taulag om løyve til ein helikopterlanding i samband med berging av ein skårfast sau. Sau og lam står fast aust for Møsevatnet rett innanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark. Det er helikopter tilgjengeleg i området i morgon, då Fonnafly skal fly til bremålingar, og med gode værtilhøve vil dei prøve då, opplyser han på telefon. Dei ønskjer løyve til inntil to landingar nær skårfestet (sjå kart i saka).





Pila markerer skårfestet.

Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) motorferdsel i samband med husdyrhald.

I forvaltningsplanen er det spesifisert at det vil bli gitt løyve til naudsynt motorferdsel med helikopter om det er skårfaste husdyr i verneområdet.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:

Ein kan sjå behovet for å fly inn for å redde dyr i skårfeste.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 23.09.2025).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Motorferdsel i naturen fører til ei rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.



Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagane for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig uroing av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og meiner den er avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevant i denne saka, då vi har tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket og det ikkje vert forringing av miljøet som må kostnadsdekkast.

Omsøkte tiltak omfattar 1 tur med helikopter. Kvar tur vil ha kort varighet. Det er ikkje gitt løyve til andre helikopterløft i området. Ut frå tidsrommet for ferdsel og kjennskap til artsmangfald så er verknaden for naturmangfald vurdert til å vera svært liten.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent


Kopi til:


Kvinnherad kommune


Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL







Kart




Offline




Prosjekter



Min side



29.3 km



KOORDINATER: (TAP FOR Å KOPIERE)



Desimalgrader

59.95299, 6.23986



Grader og desimalminutter

59° 57.17964', 6° 14.39149'



Grader, minutter og sekunder



Grader, minutter, sekunder

59° 57' 10.77840", 6° 14' 23.48952"



MGRS

32V LM 45857 49391



UTM

32V 345857 6649391



ANNET:



Gå til et koordinat



Del denne posisjonen





**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålfjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3008
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Per Magne Enes

Saksbehandlar Henriette Bye

Vår ref. 2025/14722-2 432.2

Dykkar ref.

Dato 23.09.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	32/2025
----------------	---------

Løyve til motorferdsel med ATV i samband med hjortejakt i Ænesdalen - Folgefonna nasjonalparkstyre

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 e, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Per Magne Enes løyve til bruk av ATV for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Løyvet gjeld i tidsrommet frå 25.09.2025 - 23.12.2025
- Løyvet gjeld for fire turar t/r i Folgefonna nasjonalpark
- Løyvet gjeld for transport av felt storvilt med ATV på strekninga vist i kartet innanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagdar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok som synar dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: **2025/14722**. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.



Søknaden

Per Magne Enes søker om å køyre med ATV i Ænesdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark for å transportere ut felt hjort i samband med jakt. Det søkjast om eit tidsrom frå dags dato til 23. desember. Det søkjast om ei strekkje på om lag 600 meter i grensa mellom dei to verneområda (figur 1). Søklar ynskjer løyve for seks turar tur/retur.



Figur 1. Kart med markert køyrerute sendt inn av søklar. Omtrentleg grense mellom Ænesdalen LVO og Folgefonna NP teikna inn av sakshandsamar.

Verneforskrift og naturmangfaldlova §§ 8-12

Søknaden gjeld uttransport av felt hjort med ATV i Ænesdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal òg vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er likevel opning i § 3 punkt 6.3 bokstav e for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «motorferdsel for uttransport av felt storvilt».

Forvaltningsplanen frå 2011 set desse føringane i Folgefonna NP:

«I nasjonalparken er motorferdsel for uttransport av felt storvilt søknadspliktig, både etter verneforskrifta (§ 3, pkt. 6.3 e) og motorferdselslova. [...] Det må gjerast ei konkret vurdering



opp mot mål i bestandsplanar, og om dyra like gjerne kan fellast annan stad i valdet, utanfor nasjonalparken. Ved bakketransport må faren for terrengslitasje vurderast. Eit eventuelt løyve kan uansett ikkje nyttast før etter at dyret er felt.»

I Ænesdalen landskapsvernområde er det opna for uttransport av felt hjortevilt jf. pkt. 5.2 bokstav e i vernereglane. Jamfør forvaltningsplanen vil motorferdsel på bakken berre vere tillate på eksisterande vegar og traktorvegar.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsel har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Det er søkt om å transportere ut felt hjort innanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. I Ænesdalen landskapsvernområde er det opna for motorferdsel for å ta ut hjort, så lenge ein nyttar eksisterande traktorvegar. Ænes hjortevild har hatt ei tildeling på 34 dyr dei siste fire åra og dei har skote alle dyra i løyvet (kjelde: hjorteviltregisteret.no). I år har dei tildeling på 35 dyr.

I 2020 vart det søkt om og gitt løyve til to turar med ATV for å hente ut dyr i nasjonalparken. Det er ein liten del av den totale tildelinga. I åra 2021, 2022 og 2023 vart det løyvd fire turar og nytta to turar. I 2024 vart alle dei løyvde fire turane nytta. I år søkast det om seks turar, men forvaltar legg til grunn at det skal vere ein restriktiv praksis på tal turar og har difor gjeve løyve på fire turar.

Traséen for køyringa går gjennom eit område som er registrert med naturtypen semi-naturleg eng, som er ein trua naturtype (kartlegging utført i 2019). For at naturtypen ikkje skal ta skade er det viktig at køyring utførast på etablert trasé. Det er ikkje registrert artar i nærleiken som kan ta skade av køyringa (artskart). Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av ATV i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. ATV kan føre til slitasje på vegetasjon der det nyttast og ein føreset at ein her nyttar eksisterande traséar så godt det let seg gjere. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, ureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagane for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.



Det er høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre har ei køyrebokordning, køyreboka skal leverast etter avslutta sesong, **seinast 31. desember**.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Henriette Bye
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok – Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL